

# Tal og fakta 2004

Utlendingsdirektoratet

NYNORSK



Forord	3
<hr/>	
Migrasjon til Noreg	4
<hr/>	
Arbeidsinnvandring	5
Arbeidsinnvandring frå dei nye EU-landa	7
Utdanningsløyve	9
Familieinnvandring	10
Vedtak i asylsaker	11
Overføringsflyktningar	12
Busetjingsløyve	13
Andre innvandringsløyve	13
<hr/>	
Busetjing av flyktningar i norske kommunar	14
Asylmottak	16
Asylsøknader	18
Einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA)	19
Asylsøknader til eit utval av industriland	20
Asylsøknader til Norden	20
<hr/>	
Visum	20
Statsborgarskap	22
Utvisingar	22
<hr/>	
Nøkkeltal	23
Omgrepsdefinisjonar	34



“Denne publikasjonen tek sikte på å formidle omfanget av og innhaldet i verksemda til utlendingsforvaltninga i konkrete, målbare storleikar, med hovudvekt på arbeidet til Utlendingsdirektoratet i 2004.”

På relativt få år har Noreg for fullt fått merke dei internasjonale migrasjonsstraumane. Vi tek imot asylsøkjjarar og flyktningar, menneske frå andre land ønskjer å vitje venner og slektningar i Noreg, familiar blir etablerte på tvers av landegrenser, og menneske kjem hit for å arbeide eller studere i kortare eller lengre tid.

Noreg er blitt eit fleirkulturelt samfunn i ei globalisert verd. Sjølv om dette etter kvart er blitt ei kjend og velbrukt frase, er ikkje kunnskapen om korleis innvandring til Noreg går føre seg, og omfanget av innvandringa, like godt kjend.

Denne publikasjonen tek sikte på å formidle omfanget av og innhaldet i verksemda til utlendingsforvaltninga i konkrete, målbare storleikar, med hovudvekt på arbeidet til Utlendingsdirektoratet i 2004. Direktoratet har dei siste par åra lagt stor vekt på å utvikle

statistikken sin. I tillegg til at tala er til stor nytte for direktoratet og det overordna departementet vårt, trur vi materialet vil vere nyttig for alle som er interesserte i innvandringspolitiske spørsmål.

Dette er andre gongen Utlendingsdirektoratet (UDI) gjev ut ein eigen publikasjon med nøkkeltal for den verksemda vi forvaltar. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar om innhaldet og forslag til forbetringar.

Frode Forfang  
Avdelingsdirektør  
Avdeling for fagleg strategi og koordinering

For å bli rekna som ein del av den norske befolkninga må ein opphalde seg i landet i minst seks månader. Ein har plikt til å melde frå til folkeregisteret om opphald og fråvære som vil vare så lenge (lov om folkeregistrering av 16. januar 1970 § 8).

Statsborgarar frå alle land utanom dei nordiske må ha eit løyve frå norske myndigheiter til å opphalde seg i Noreg dersom opphaldet skal vare meir enn tre månader. Borgarar frå ei rekkje land Noreg ikkje har visumfridomsavtale med, må i tillegg ha visum som er ferda ut av eitt av landa som deltek i Schengen-samarbeidet, for å kunne vitje Noreg. Unnatekne frå visumplikta er borgarar av alle medlemsland i OECD og nokre land i Amerika, Asia og Europa. Utlendingsmyndigheitene har ansvaret for å handheve reglane for opphaldsløyve og visum, og Utlendingsdirektoratet (UDI) koordinerer dette arbeidet i tillegg til å behandle mange av søknadene. UDI har òg ansvar for å behandle søknader frå personar som har søkt om asyl i Noreg, for å gje asylsøklarane bustad mens søknaden blir behandla, og for å busetje dei som får opphaldsløyve etter søknad om asyl, og dei som kjem til Noreg som overføringsflyktingar.



## Korleis innvandringa medverkar til befolkningsvekst i Noreg

I 2004 auka talet på personar som er registrerte som busette i Noreg, med om lag 28 500, ifølgje Statistisk sentralbyrå.<sup>1</sup> I 2003 var det ein tilsvarande auke på drygt 25 000. Av auken i 2004 kom om lag 13 200 av at det blei registrert fleire som flytta til Noreg (36 500), enn som flytta frå Noreg (23 300). Dei tilsvarande tala for 2003 var rundt 35 900 registrerte tilflyttarar mot rundt 24 700 registrerte utflyttarar. I tillegg førte fødselsoverskotet til ein auke på om lag 15 300 personar i 2004 mot 13 700 i 2003.

## Reguleringa av innvandring og reiser til Noreg

Utlendingsmyndigheitene har ansvaret for tiltak som påverkar omfanget og samansetjinga av innvandringa til Noreg. I tillegg blir også mange andre sider ved utlendingar sitt opphald i og besøk til Noreg regulerte. I 2004 godkjende utlendingsmyndigheitene i alt nærare 55 500 nye arbeids- og opphaldsløyve som gav personar høve til å opphalde seg i Noreg i tre månader eller meir. Dette var omtrent 8 500 fleire løyve enn i 2003.

For 33 000 av løyva var grunnlaget at personane skulle arbeide i Noreg. Av desse gav rundt 750 løyve høve til eit varig opphald i Noreg. Dei andre løyva var av mellombels karakter, men av ulik varigheit – alt frå tre månader til fire år. Av alle godkjende arbeidsløyve var rundt 25 000 løyve til borgarar av dei ti nye EØS-medlemslanda. Det blei gjeve i alt om lag

5 400 nye løyve der grunnlaget var at søkjaren skulle skaffe seg ei utdanning. Dette er mellombelse løyve, og ein forventar at søkjaren returnerer til heimlandet etter utdanninga.

Nærare 3 450 opphaldsløyve blei gjevne på grunnlag av søknad om asyl i 2004. Av desse blei 450 løyve gjevne til personar som blei rekna som flyktingar etter Flyktingkonvensjonen. 1 300 løyve blei gjevne til personar som blei rekna for å ha eit anna grunnlag for vern. 1 700 løyve blei gjevne fordi andre særleg sterke menneskelege omsyn gav grunnlag for å gje personen opphald i Noreg. I tillegg kom det nærare 850 overføringsflyktingar til Noreg.

12 800 løyve gjaldt familieinnvandring. Desse løyva blei gjevne til nære utanlandske familiedlemmer av norske statsborgarar eller utlendingar som har lovleg opphald i Noreg.

Når det gjeld opphald i landet med varigheit i opptil tre månader, ferda norske utanriksstasjonar og UDI ut i alt 90 000 visum til personar som treng slike for å vitje Noreg. Det finst ingen statistikk over kor mange som faktisk vitja Noreg i 2004 med visum ferda ut av norske eller andre myndigheiter i Schengen-land. Statistikken over overnattingane til utlendingar ved norske hotell osv. indikerer at berre litt over ti prosent var personar med visumplikt.<sup>2</sup>

<sup>1</sup> Sjå tabell: URL: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrkv/2004k4/hittil00.html>. Folkemengd 1. januar 2005 og endringane i 2004. Fylkesoversyn. Mellombelse tal.

<sup>2</sup> Sjå URL: <http://www.ssb.no/emner/10/11/overnatting/>

Talet på opphaldsløyve og visum fortel IKKJE kor mange utanlandske statsborgarar som faktisk kjem til Noreg eller oppheld seg i Noreg. Svært mange av dei som kjem på eit besøk som er kortare enn tre månader, treng ikkje noko løyve. I tillegg kan eit visum som gjev tilgjenge til innreise til Noreg, ferdast ut av alle land som deltek i Schengen-samarbeidet. Vidare er det nokre få som ikkje nyttar det løyvet dei har fått, og enkelte av dei som kjem, oppheld seg ulovleg i landet etter at løyvet er gått ut. Det vil òg vere nokon som kjem til landet utan å ha gyldig løyve, og som vi derfor ikkje har oversikt over. Nokre personar vil få meir enn eitt førstegongsløyve i løpet av same kalenderåret, til dømes dersom ein person søkjer om ein ny type arbeidsløyve eller om familieinnvandringsløyve etter først å ha hatt eit studie- eller arbeidsløyve.

I samband med at Den europeiske union (EU) og Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) blei utvida med ti nye land frå 1. mai 2004, blei det innført overgangsreglar for åtte av desse landa (alle utanom Kypros og Malta). Reglane inneber at desse borgarane framleis må ha opphalds- og arbeidsløyve for å kunne vere tilsette hjå ein norsk arbeidsgjevar, men at dei no kan opphalde seg i landet som arbeidssøkjande i inntil seks månader utan løyve. Prosedyrane for å behandle desse sakene er også raskare enn for søkjarar frå land utanfor EØS-området (sjå også side 7).

## 33 000 arbeidsinnvandringsløyve

I 2004 blei det gjevne 33 000 nye arbeidsinnvandringsløyve, det vil seie løyve der grunnlaget for søknaden er at personen ønskjer å arbeide i Noreg. Det er ein auke på 7 400 løyve frå 2003. I tillegg blei om lag 7 000 løyve fornya. Det var nesten ei dubling av talet på fornyingar samanlikna med 2003.

I alt 95 prosent av løyva som blei gjevne i 2004, blei gjevne til borgarar frå andre europeiske land. To prosent gjekk til borgarar frå Asia, to prosent til borgarar frå Amerika, og ein prosent til borgarar frå Oseania og Afrika.

## Ikkje-fornybare løyve


Om lag 21 prosent av arbeidsinnvandringsløyva som blei gjevne i 2004, kan ikkje fornyast. Det vil seie at når løyvet går ut, må vedkomande forlate landet og eventuelt søkje om løyve på nytt. Sesongarbeidsløyve utgjorde den største delen av desse løyva og stod for rundt 15 prosent av alle arbeidsløyva. Eit slikt løyve kan gje høve til arbeid og opphald i Noreg i inntil seks månader. I alt blei det gjevne 4 900 sesongarbeidsløyve, ein nedgang på 13 000 samanlikna med 2003. Grunnen til nedgangen er i hovudsak at etter 1. mai 2004 kunne dei fleste av dei som tidlegare fekk sesongarbeidsløyve, få løyve etter overgangsordningane for dei nye EØS-landa. Det er blitt lettare for personar frå dei nye EØS-landa å få arbeidsløyve i Noreg. Dei har no høve til å opphalde seg som arbeidssøkjande i landet i inntil seks månader før dei eventuelt må reise heim eller søkje om arbeidsløyve. 69 prosent av sesongarbeidsløyva gjekk til borgarar av dei nye EØS-landa, hovudsakleg frå Polen (40 prosent) og Litauen (20 prosent).

Det blei i tillegg gjevne rundt 2 100 ikkje-fornybare løyve med varigheit på inntil eitt år i 2004. Majoriteten av desse gjaldt musikarar, artistar eller kunstnarar. 62 prosent gjekk til borgarar frå Polen og Bulgaria.


Teksttabell 1. Sesongarbeidsløyve, totalt og fordelt på ti største land. 2004

Landbakgrunn	Løyve
Polen	1 961
Litauen	992
Romania	278
Ukraina	229
Latvia	221
Kviterusland	176
Russland	163
Bulgaria	153
India	85
Estland	76
Andre land	520
Totalt	4 854

Arbeidsinnvandringsløyve 1998-2004




Arbeidsinnvandringsløyve fordelt på type løyve, prosent. 2004




- Grunnlag for busettingsløyve
- Fornybare løyve
- Ikkje-fornybare løyve
- EØS-løyve




Sesongarbeidsløyve 1998-2004



Spesialistløyve 1998-2004



Arbeidsinnvandringsløyve fordelt på type løyve og vedtaksinstans, prosent, 2004



## Fornybare arbeidsløyve

Tre prosent av det samla talet på nye arbeidsinnvandringsløyve som blei gjevne i 2004, kan fornyast i inntil to eller fire år. Desse løyva blir gjevne til personar som har spesielle kvalifikasjonar eller kompetanse som næringslivet treng. Forskarar, stipendiatar, misjonærar, journalistar, idrettsutøvarar og tilsette i utanlandske statselskap eller multinasjonale selskap fell inn her. I alt 33 prosent av løyva gjekk til borgarar frå Europa, mens 24 prosent gjekk til personar frå Amerika, særleg USA.

## Nedgang i spesialistløyve

Av alle arbeidsinnvandringsløyva som blei godkjende i 2004, gjev 750 grunnlag for permanent opphald etter tre år. Slike løyve blir gjevne til arbeidstakarar med fagutdanning eller spesielle kvalifikasjonar som har eit konkret arbeidstilbod. Fram til 2003 var det ein jamn auke i talet på spesialistløyve, mens det dei siste to åra har vore ein nedgang. Samanlikna med 2003 blei det i 2004 gjeve nærare 400 færre løyve, ein nedgang på 34 prosent. Dette kan delvis kome av ei minkande interesse for å arbeide i Noreg mellom arbeidstakarar med fagutdanning, blant anna fordi det er konkurranse frå andre land om slik arbeidskraft.<sup>3</sup> Vidare har det i samband med EU-utvidinga blitt enklare for borgarar av dei nye EØS-landa å få ei anna form for arbeidsløyve i Noreg. For borgarar med bakgrunn frå Polen har talet på spesialistløyve gått ned med 230 frå 2003 til 2004. Det utgjer meir enn halvparten av den observerte nedgangen. I 2004 gjekk flest spesialistløyve til borgarar frå USA (13 prosent) og Polen (12 prosent).

Teksttabell 2. Spesialistløyve, totalt og fordelt på ti største land, 2004

Land/bakgrunn	Løyve
USA	97
Polen	91
Russland	68
Filippinane	50
Serbia og Montenegro	37
India	36
Australia	34
Litauen	26
Kina	22
Canada	21
Andre land	265
Totalt	747

## Kva instansar behandlar arbeidsinnvandrings saker?

Politiet gav dei fleste EØS-løyva og sesongarbeidsløyva og alle typar fornying i 2004. Det utgjorde 83 prosent av alle arbeidsinnvandringsløyva og dermed like mykje som i 2003. Men politiet har ikkje høve til å avslå ein søknad om arbeid. UDI behandlar derfor alle sakene der politiet er i tvil om utfallet. I tillegg gav UDI dei aller fleste nye spesialistløyva og majoriteten av dei andre arbeidsinnvandringsløyva.

Nokre utanriksstasjonar har høve til å gje arbeidsløyve til spesialistar. Men det var svært få tilfelle der utanriksstasjonar gav eit slik løyve i 2004, berre to prosent av det samla talet på spesialistløyve i 2004. Utlendingsnemnda (UNE) kan gjere om avslag som UDI har gjeve, men i arbeidsinnvandrings saker utgjer dette eit svært lite tal.

<sup>3</sup> Sjå også URL: <http://www.udi.no/templates/Page.aspx?id=5143>

## Arbeidsinnvandring og dei nye EU-landa frå Aust- og Sentral-Europa

Den 1. mai 2004 blei Den europeiske union (EU) utvida med ti nye medlemsland.<sup>4</sup> Det inneber at også den felles arbeidsmarknaden etter EØS-avtalen blei utvida til å omfatte 75 millionar nye borgarar. Etter avtalen har borgarane av dei nye EU-landa i utgangspunktet lik rett til opphald og arbeid i EØS-området som borgarar av andre medlemsland, men det blei gjevne høve til å innføre overgangsordningar for arbeidstakarar frå dei nye landa.

Det blei i 2004 gjevne 25 100 førstegongs arbeidsløyve til borgarar av dei nye EU-landa. Det er ein auke på nesten 40 prosent samanlikna med 2003, då det blei gjevne 18 200 løyve. Over 20 500 (80 prosent) av løyva i 2004 blei gjevne etter EØS-regelverket. I tillegg blei i underkant av 2 900 EØS-løyve og 700 vanlege arbeidsløyve fornya i 2004. I 2003 blei det registrert over 1 100 fornyingar.

Teksttabell 3. Arbeidsløyve til nye EU-land totalt og fordelt på type løyve. 2003-2004

	2003	2004
EØS-løyve*		20 533
Sesongløyve	16 296	3 356
Spesialisløyve	485	135
Andre løyve	1 392	1 076
Totalt	18 170	25 100
Fornyingar EØS-løyve		2 854
Fornyingar arbeidsløyve	1 441	704

\* Av dette 7 409 med varigheit over tre månader.

Noko av auken i talet på løyve kan forklarast med at Noreg har ein god arbeidsmarknad innan bygg- og anleggsbransjen, og det er her vi i stor grad finn personar med bakgrunn frå dei nye EU-landa. Tidlegare har det skjedd at personar i denne gruppa har arbeidd illegalt, og det er grunn til å tru at fleire av desse no har formalisert arbeidsforholdet sitt i Noreg.

Tidlegare har borgarar av desse landa hovudsakleg inngått i arbeidsforhold av kortare varigheit med sesongarbeidsløyve eller spesialistløyve. Men det blei gjevne svært få spesialistløyve i 2003 (480) samanlikna med sesongarbeidsløyve (16 300).

Det er grunn til å tru at det også i 2004 var sesongarbeid som utgjorde den største delen av løyva,<sup>5</sup> sidan dei fleste EØS-løyva blei gjevne med ei varigheit på inntil tre månader og heile 75 prosent av løyva blei gjevne med ei varigheit på seks månader eller kortare. I 2004 blei det også gjevne i underkant av 3 400 sesongarbeidsløyve etter det ordinære regelverket. Dei aller fleste løyva blei gjevne i samband med sommarmånadene, då det tradisjonelt har vore behov for mange sesongarbeidarar i landbruket. Det er derfor grunn til å gå ut frå at mellom 70 og 80 prosent av alle løyva blei gjevne for sesongarbeid. Det er heller ikkje uvanleg at arbeid som fell inn under eit spesialistløyve, også er av kortare varigheit. Arbeidsinnvandringa frå dei nye EU-landa i 2004 var altså framleis prega av kortvarige opphald.


### Kven kjem, og kvar arbeider dei?

Det blei gjevne flest løyve til arbeidstakarar frå Polen, som med over 16 000 godkjenningar utgjorde 64 prosent av alle løyva. Deretter kom borgarar frå Litauen med 24 prosent og borgarar frå Latvia med fem prosent. I alt 70 prosent av arbeidstakarane var menn.


Teksttabell 4. Arbeidsløyve, medrekna EØS-løyve, totalt og fordelt på nye EU-land. 2004

Land	Totalt 2004	Av dette EØS
Estland	724	573
Kypros	2	2
Latvia	1 165	912
Litauen	6 044	4 963
Malta	2	1
Polen	16 035	13 156
Slovakia	597	521
Slovenia	18	14
Tsjekkia	379	310
Ungarn	134	81
Totalt	25 100	20 533

Arbeidsløyve fordelt på nye EU-land og andre land. 1998-2004



EØS-løyve til nye EU-land fordelt på varigheit, prosent. 2004



Noreg innførte ei overgangsordning for åtte av dei nye EU-landa (alle utanom Kypros og Malta). Ifølgje overgangsreglane må arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda ha opphaldsløyve før dei byrjar å arbeide. Vidare må lønns- og arbeidsforholda følgje tariff eller regulativ der slike avtalar finst. I "uregulerte" forhold skal inntekta svare til lønna som er vanleg for den aktuelle staden og yrket. Det blir berre gjevne løyve for den perioden som arbeidsavtalen gjeld, og maksimalt for eitt år om gongen.<sup>5</sup> Overgangsordninga omfattar ikkje tenesteytarar eller sjølvstendig næringsdrivande.


<sup>4</sup> Dei ti landa er Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Malta, Polen, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia og Ungarn.

<sup>5</sup> Les meir om overgangsordninga i UDI-rapporten Evaluering av foreløpige konsekvenser av EØS-utvidelsen – 1. rapport (desember 2004). Rapporten er tilgjengeleg på [www.udi.no](http://www.udi.no)


<sup>6</sup> Etter EU-utvidinga blir dei fleste løyva gjevne etter dei same heimlane i EØS-regelverket, og det er derfor ikkje lenger mogleg å skilje dei ulike typane arbeidstakarar, sesongarbeidarar, spesialistar osv. frå kvarandre.



**Arbeidsløyve til nye EU-land fordelt på veke. 2003-2004**



**EØS-løyve til arbeid til nordiske land fordelt på nye EU-land, prosent. Mai til og med september 2004**



Ungarn 2%	Malta 0%
Estland 11%	Polen 54%
Kypros 0%	Slovakia 2%
Latvia 6%	Slovenia 0%
Litauen 23%	Tsjekia 2%

Politiet godkjende dei aller fleste søknadene frå personar frå dei nye EU-landa i 2004. Utlendingsdirektoratet godkjende nærare 1 200 av dei rundt 20 500 løyva som blei gjevne. Flest løyve blei gjevne i Søndre Buskerud (1 880), Hedmark (1 840) og Vestfold (1 720), altså politidistrikt som omfattar store jordbruksområde. Oslo politidistrikt kom på fjerdeplass med 1 580 løyve. Færrest løyve blei gjevne av politidistrikta i Nordland, Troms og Finnmark.

## Norden

Ser ein på dei nordiske landa samla, gav Noreg 60 prosent av alle EØS-løyva som blei gjevne til arbeidstakarar frå dei nye EØS-medlemslanda. Dette omfattar løyve med varigheit på tre månader eller meir gjevne i perioden 1. mai 2004 til og med utløpet av september 2004. Løyve til tenesteytarar og sjølvstendig næringsdrivande er ikkje inkluderte.<sup>7</sup>

*Teksttabell 5. EØS-løyve til arbeid med varigheit over tre månader totalt og fordelt på nordiske land. Mai til og med september 2004*

	Danmark*	Finland	Norge	Sverige	Totalt
Estland	34	713	265	180	1 192
Kypros			1	2	3
Latvia	169	67	285	150	671
Litauen	587	22	1410	383	2 402
Malta				1	1
Polen	574	43	3 860	1 253	5 730
Slovakia	34	5	157	20	216
Slovenia	2		9	6	17
Tsjekia	25	7	61	69	162
Ungarn	45	21	42	85	193
<b>Totalt</b>	<b>1 470</b>	<b>878</b>	<b>6 090</b>	<b>2 149</b>	<b>10 587</b>

\* Tal frå Danmark inkluderer også løyve gjevne med varigheit under tre månader.

Tala viser at det i Norden blei gjevne flest løyve til borgarar frå Polen, som med 54 prosent utgjorde over halvparten av alle arbeidstakarane frå dei nye EU-landa. Litauen var nummer to med 23 prosent av løyva, og deretter kom Estland med 11 prosent.

<sup>7</sup> Statistikken må tolkast i samanheng med at regelverket og praksisen på området i dei ulike landa kan påverke korleis saker blir registrerte osv. Finland og Sverige registrerer til dømes ikkje løyve med varigheit under tre månader. Den statistikken som blir presentert her, omfattar derfor berre løyve med varigheit over tre månader, med unntak for Danmark som ikkje kan skilje ut løyve med varigheit under tre månader



Utdanningsløyve er opphaldsløyve gjevne til utlendingar der føremålet for opphaldet i Noreg er utdanning. I 2004 blei det gjevne til saman 7 900 slike løyve. Om lag 5 400 av desse var nye løyve. Utdanningsløyve omfattar studieløyve gjevne til utlendingar som skal studere ved ein vidaregåande skule, ein folkehøgskule, ein høgskule eller eit universitet i Noreg. Det omfattar også løyve til aupair- og praktikantarbeid gjevne i samband med utdanning.

I alt 38 prosent av dei nye utdanningsløyva blei gjevne som studieløyve. 28 prosent av løyva var praktikant- eller aupairløyve. Av alle utdanningsløyva blei 32 prosent gjevne etter EØS-regelverket.

I alt 62 prosent (3 400) av alle nye utdanningsløyve blei gjevne til europeiske borgarar. Det blei gjevne flest slike løyve til personar frå Tyskland og Polen.

## Studieløyve

I 2004 blei det gjevne rundt 3 900 nye studieløyve. Som i 2003 gjekk dei fleste løyva til studentar frå Tyskland og Kina. Talet på løyve til studentar frå Kina har likevel gått ned med 40 prosent samanlikna med 2003

Teksttabell 6. Studieløyve\*, totalt og fordelt på ti største land. 2004

Landbakgrunn	Løyve
Tyskland	544
Kina	283
Russland	215
USA	215
Frankrike	208
Italia	169
Spania	153
Litauen	114
Polen	103
Romania	82
Andre land	1 819
Totalt	3 905

\* Inkluderer elevar ved vidaregåande skular og folkehøgskular, og dessutan studentar og postdoktorgradsstudentar ved universitet og høgskular.

## Éin av fire au pairar frå Filippinane


Det blei gjevne i overkant av 1 000 løyve til personar som skal arbeide som au pair. Det er om lag like mange som i 2003. Flest løyve blei gjevne til filippinske statsborgarar, 23 prosent, ein liten auke samanlikna med 2003. På andreplass kjem det nye EU-landet Polen med ni prosent. I alt 25 prosent av alle aupairløyva gjaldt borgarar frå dei nye EØS-landa.

Teksttabell 7. Aupairløyve, totalt og fordelt på ti største land. 2004


Landbakgrunn	Løyve
Filippinane	236
Polen	94
Ukraina	91
Romania	86
Litauen	77
Russland	60
Kviterussland	33
Latvia	32
Sri Lanka	27
Bulgaria	26
Andre land	260
Totalt	1 022

Det blei gjevne 600 løyve til praktikantar. Halvparten av desse gjekk til borgarar frå Polen. Det er om lag like mange som i 2003.


Utdanningsløyve fordelt på type løyve, prosent. 2004



Familieinnvandring 1998-2004




Familieinnvandring fordelt på familietilknytning i Noreg, prosent, 2004




■ Barn med foreldre i Noreg  
■ Ektefelle  
■ Anna slekt

Familieinnvandring fordelt på landbakgrunn og alder, 2004



Familieinnvandring fordelt på landbakgrunn og kjønn, 2004



I 2004 blei det gjeve i underkant av 12 800 nye opphalds- og arbeidsløyve til personar fordi dei hadde nær familie i Noreg. Det var ein auke på nærare 2 300 (22 prosent) i forhold til 2003, då det blei gjeve 10 500 løyve. Den viktigaste årsaka til auken var at UDI i 2004 brukte ekstra ressursar til å behandle søknader. Variasjonen i talet på godkjenningar dei siste sju åra speglar først og fremst ressursane UDI har hatt til å behandle søknader. Ser vi utviklinga over fleire år, har talet på godkjenningar flata noko ut etter ein sterk auke på slutten av 90-talet og byrjinga av det nye hundreåret. Det er likevel grunn til å tru at omfanget av familieinnvandring vil auke framover, både fordi fleire utanlandske borgarar buset seg i Noreg, og fordi fleire norske borgarar giftar seg med utlendingar.

### Flest familieinnvandra frå Thailand

I 2004 var det flest personar frå Thailand som fekk familieinnvandringsløyve, i alt 1 100. I 2003 var Irak den største gruppa som fekk løyve til familieinnvandring.

Teksttabell 8. Familieinnvandringsløyve, totalt og fordelt på ti største land, 2004

Landbakgrunn	Løyve
Thailand	1 099
Irak	909
Russland	742
Somalia	689
Tyskland	563
Pakistan	496
Storbritannia	453
Filippinane	437
USA	423
Tyrkia	418
Andre land	6 521
Totalt	12 750

Sameining med ektefelle var grunnlaget for dei fleste løyva i 2004. 57 prosent av løyva blei gjevne til ektefelle, sambuar eller partnar.

### Familieinnvandring av barn

Av alle nye familieinnvandringsløyve i 2004 blei 40 prosent gjevne til barn under 18 år. Nær 13 prosent blei gjevne til barn under eitt år. Dette var i stor grad barn fødde i Noreg av utanlandske foreldre utan permanent busetjingsløyve. Flest løyve blei gjevne til barn med bakgrunn frå Irak og Somalia, litt over 500 løyve for kvart av landa.

De fleste barna som fekk familieinnvandringsløyve i 2004, hadde begge foreldra i Noreg. Av totalt 5 100 barn hadde rundt 1 500, omtrent 30 prosent, berre éin av foreldra i Noreg.

### Flest kvinner som familieinnvandarar

Av alle som fekk familieinnvandringsløyve, var 62 prosent kvinner og 38 prosent menn. Blant dei personane som er registrerte som over 18 år, var 71 prosent kvinner og 29 prosent menn.

Fordelinga mellom kvinner og menn varierer med landbakgrunn. Kvinneandelen for personar frå Thailand var på 82 prosent, mens han var 55 prosent for personar frå Irak og Somalia. Forskjellen kan delvis forklarast med at kjønnsfordelinga er meir lik for land med ein høgare del barn blant dei familieinnvandra. Delen barn var større for personar med bakgrunn frå Irak og Somalia enn til dømes frå Thailand. Vidare kan variasjonen forklarast med at familieinnvandring på bakgrunn av ekteskap er meir kjønns-spesifikt for somme nasjonalitetar enn andre. Det er langt fleire norske menn enn norske kvinner som giftar seg med personar frå Thailand, Russland og Filippinane.<sup>8</sup>

Tyrkia var det einaste blant dei ti største landa der familieinnvandringsløyve blei gjeve til fleire menn enn kvinner. I 2004 var 61 prosent av alle tyrkiske borgarar som fekk godkjente nye familieinnvandringsløyve, menn.

### To av fem familieinnvandringsløyve blei gjevne av politiet

I 2004 blei 43 prosent av alle godkjenningane av familieinnvandring gjevne av politiet. Det er ein liten nedgang frå 2003. Nedgangen kjem først og fremst av at UDI totalt fatta fleire vedtak i 2004. Politiet hadde ein faktisk oppgang i talet på godkjende familieinnvandringssaker. Politiet kan berre godkjenne løyve i saker der vilkåra openbart er oppfylte.

### Større del avslag i familieinnvandringssaker

Delen søknader om familieinnvandring som blei avslegne i første instans, auka frå 14 prosent i 2003 til 24 prosent i 2004. Grunnen er truleg først og fremst innstrammaing av underhaldskravet for fleire grupper som blei innført i mai og november 2003. Avslagsprosenten har stige for dei fleste landa.

Godkjeningsprosenten er svært ulik for søkjarar frå ulike land. Søknader frå personar med bakgrunn frå Somalia og Irak har ein godkjeningsprosent som er vesentleg lågare enn søknader frå personar frå Thailand eller Tyskland. Det heng saman med ulike moglegheiter til å dokumentere slektskap og vanskar med å fylle underhaldskravet. Det heng òg saman med at personar frå somme land i større grad enn andre søker løyve for familiemedlemmer som ikkje kjem inn under den nære familiekretsen som lova krev.

<sup>8</sup> Sjå òg: URL: <http://www.ssb.no/emner/02/02/30/ekteskap/>

Utlendingsdirektoratet fatta i overkant av 12 500 vedtak i asylsaker i 2004. Av desse vedtaka blei 68 prosent realitetsbehandla av Utlendingsdirektoratet. Det inneber at direktoratet vurderte behovet søkjaren hadde for vern eller opphald i Noreg på basis av andre sterke menneskelege omsyn. I nær 26 prosent av tilfella blei det vedteke at søknaden skulle behandlast av myndigheitene i eit anna land som deltek i det såkalla Dublin-samarbeidet. I 2003 var det tilsvarande talet 20 prosent.

## Dublin

Eit vedtak i samsvar med Dublin-samarbeidet inneber at ein asylsøklar har søkt om asyl i eit anna land som deltek i samarbeidet, og at søknaden derfor er eller vil bli realitetsbehandla der. Auken i delen søknader som blei behandla i samsvar med Dublin-samarbeidet, heng saman med dei effektivitetsgevinstantane som overgangen til Dublin II-forordninga<sup>9</sup> og opprettinga av Eurodac medførte. Eurodac, det sentrale fingeravtrykksregisteret i EU-kommisjonen, har gjort det lettare å slå fast om søkjaren allereie har søkt om asyl i eit anna land. Det var flest søkjarar frå Serbia og Montenegro som fekk vedtak om behandling i samsvar med Dublin-samarbeidet i 2004, og etter dei søkjarar frå Afghanistan og Russland.

Av landa som er med i Dublin-samarbeidet, var det Tyskland, Sverige og Italia som aksepterte å ta tilbake flest asylsøklarar frå Noreg. Noreg aksepterte å ta tilbake flest asylsøklarar frå Sverige, Tyskland og Finland.

## Realitetsbehandla asylsøknader

I 2004 realitetsbehandla Utlendingsdirektoratet i underkant av 8 500 asylsøknader. Samanlikna med 2003 var dette ein nedgang på om lag 3 600 saker. Grunnen til nedgangen var blant anna at det kom færre søkjarar til landet, og omdisponering av ressursar internt i direktoratet for å nedarbeide saksmengda i andre utlendingssaker. Av dei realitetsbehandla asylsøknadene auka delen godkjenningar frå 29 prosent i 2003 til 40 prosent i 2004. Endringane kan forklarast med samansetjinga av dei søknadene som blei ferdigbehandla dei to åra. Samanlikna med 2003 blei det i 2004 behandla færre saker frå søkjarar med bakgrunn frå land som blir rekna som trygge.

## Asyl

I 2004 fekk nærare 460 personar asyl i Noreg. Samanlikna med rekordåret 2003 er det ein nedgang på 130 personar. Delen som fekk asyl blant realitetsbehandla asylsøknader, var i 2004 fem prosent, det same som i 2003. Det blei gjeve asyl til personar med bakgrunn frå 32 ulike land. Dei fleste som fekk asyl, kom frå Russland (etniske tsjetsjenarar), Iran og Serbia og Montenegro (minoritetar). Til saman utgjorde borgarar frå desse landa 44 prosent av alle som fekk asyl i 2004. Dei landa som i 2004 hadde den høgaste prosentdelen godkjendte asylsøknader blant dei realitetsbehandla asylsøknadene, var Kina (31 prosent), Eritrea (30 prosent) og Myanmar (29 prosent).

I alt 58 prosent av personane som fekk asyl i 2004, var menn. Nær 40 prosent var mellom 30 og 50 år gamle.

## Anna vern


Samanlikna med 2003 gjekk delen personar som fekk opphald av vernegrunnar, ned frå 18 prosent til 15 prosent i 2004. I alt fekk 1 300 personar opphald av vernegrunnar i 2004. Nær halvparten av desse var frå Somalia. Andre store grupper som fekk slikt vern i Noreg i 2004, var personar frå Irak og Afghanistan.

I alt 69 prosent av personane som fekk opphald av vernegrunnar i 2004, var menn. I overkant av 40 prosent var mellom 18 og 30 år gamle.

## Opphald av humanitære grunnar

I overkant av 1 700 personar fekk opphald av humanitære grunnar i 2004. Det er ein oppgang på nær 1 000 løyve samanlikna med 2003. Av alle realitetsbehandla asylsøknader har delen som har fått opphald av humanitære grunnar, gått opp frå seks prosent i 2003 til 20 prosent i 2004. Endringa kjem først og fremst av at tsjetsjenske asylsøklarar som tidlegare fekk opphald av vernegrunnar, no fekk opphald av humanitære grunnar. Utslaget er ekstra markant fordi det i 2004 blei behandla mange slike saker etter at dei i ein lengre periode var lagde til sides for vurdering av praksis. Over 50 prosent av godkjenningane som blei gjevne av humanitære grunnar, blei gjevne til personar frå Russland (stort sett til personar med tsjetsjensk etnisitet). Andre store grupper


Vedtak i asylsaker i UDI, prosent.\* 2004



\*Søknader frå utlandet og kvoteflyktingar er haldne utanfor.

\*\*Har opphald i trygt tredjeland eller avslag pga nordisk passkontrollavtale, jf. utlendingslova § 17a-f.

Vedtak i realitetsbehandla asylsøknader fordelt på utfall i UDI, prosent. 2004



<sup>9</sup> Les meir om Dublin II-forordninga på nettstaden [www.udl.no](http://www.udl.no)

som fekk opphald av humanitære grunnar, var personar frå Afghanistan, Somalia og Irak. I alt 52 prosent av personane som fekk opphald av humanitære årsaker i 2004, var menn, og i underkant av 50 prosent var under 18 år gamle.

## Innføring av 48-timarsprosedyre

1. januar 2004 blei det innført ein 48-timarsprosedyre i saksbehandlinga av asylsøknader frå personar med bakgrunn frå land som blir vurderte som trygge. Gjennom denne ordninga ønskjer Utlendingsdirektoratet å verne om asylinstituttet ved å forhindre at store ressursar blir bundne opp i arbeidet med truleg grunnlause asylsøknader. I 2004 blei det fatta i


underkant av 200 vedtak etter denne prosedyren. I alle desse sakene blei det gjeve avslag.

I alt 30 søkjarar blei trekte ut av prosedyren og tekne inn i ordinær realitetsbehandling, og det same talet søkjarar blei overført frå 48-timarsprosedyre til Dublin-behandling. Ser ein på det totale talet på asylsøknader, har delen asylsøknader frå land som blir rekna som trygge, gått ned frå sju prosent i 2003 til tre prosent i 2004. Nedgangen i talet på asylsøknader frå desse landa er også relativt større enn nedgangen for alle land.




## Overføringsflyktningar

Overføringsflyktningar, godkjenningar fordelt på fem største land. 2004



Overføringsflyktningar, tilkomne overføringsflyktningar til Noreg fordelt på fem største land. 2004



Talet på og samansetjinga av kvoten for overføringsflyktningar blir fastsett i statsbudsjettet etter innspel frå og dialog med UNHCR (FNs høgkommissær for flyktningar). Avtalen med UNHCR er treårig og blir vurdert fleksibelt innanfor perioden 2004–2006. Når norske myndigheiter har bestemt at ein person oppfyller vilkåra som er sette, får personen innreiseløyve til Noreg. Eit slik innreiseløyve inneber at ein som regel får rett til asyl og reisebevis for flyktning, og at ein får arbeids- eller opphaldsløyve i Noreg. Reisebeviset er gyldig for reiser til alle land, unntatte heimlandet. Når eit løyve er godkjent av Utlendingsdirektoratet, blir ein aktuell kommune kontakta og beden om å busetje personen. Etter at kommunen har samtykt i busetjing, tek UDI kontakt med International Organization for Migration (IOM), som ordnar med reisa til Noreg og gjennomfører eit kulturorienteringsprogram.

I 2004 godkjende Utlendingsdirektoratet i overkant av 750 søknader frå overføringsflyktningar. Det blei gjeve flest godkjenningar til personar med bakgrunn frå Myanmar, Liberia og Iran. Desse utgjorde til saman 80 prosent av godkjenningane.

Det kom nærare 850 overføringsflyktningar til Noreg i 2004. Talet inkluderer personar som fekk søknaden sin godkjent i 2003 eller 2004, og det er derfor forskjell på talet på godkjenningar og talet på flyktningar som kom til landet, same året. Samanlikna med 2003 blei talet på flyktningar som kom til landet, halvert.

I 2004 kom det flest overføringsflyktningar med bakgrunn frå Liberia. Overføringsflyktningar med bakgrunn frå Liberia, Myanmar, Iran, Den demokratiske republikken Kongo og Sudan utgjorde til saman nær 90 prosent av overføringsflyktningane som kom til Noreg i 2004. Det var dei same landa som toppa lista i 2003, i tillegg til Burundi.





## 15 500 personar fekk busetjingsløyve i 2004

I alt 15 500 personar fekk godkjent løyve som gjev rett til permanent opphald (busetjingsløyve) i landet.

## Kven fekk busetjingsløyve?

I alt ti prosent av dei som fekk busetjingsløyve i 2004, var borgarar frå Irak, ti prosent var frå Serbia og Montenegro og 8 prosent frå Somalia. Dei resterande 72 prosentane fordelte seg hovudsakleg på Pakistan, Russland, Iran, Afghanistan, Thailand og Bosnia-Hercegovina.

## Flest kvinner

I overkant av 55 prosent av dei som fekk busetjingsløyve i 2004, var kvinner. Kjønnfordelinga var jamn blant borgarar frå dei tre største landa som har fått busetjingsløyve. For Russland og Thailand låg delen kvinner markert høgare enn for menn. For borgarar frå Afghanistan var delen menn noko høgare.

## Alder

Rundt 28 prosent av dei som fekk busetjingsløyve i 2004, var under 18 år. Rundt halvparten av desse var jenter. Av alle under 18 år som fekk busetjingsløyve, var 1 200 fødte i Noreg. Delen barn jamført med vaksne var høgare blant borgarar frå dei tre største landa Irak, Serbia og Montenegro og Somalia enn for dei andre landa. Av det samla talet på personar som var under 18 år, kom 45 prosent frå Irak, Serbia og Montenegro og Somalia.


Barn som har fått busetjingsløyve gjennom adopsjon, utgjorde 4 prosent av personane under 18 år som fekk busetjingsløyve. Dei fleste av desse kom frå Sør-Korea, Thailand og Filippinane.

## Politiet gjev flest busetjingsløyve

Av alle busetjingsløyva i 2004 godkjende politiet 13 300, noko som tilsvarer 86 prosent. Resten av løyva blei gjevne av UDI. Dei fleste busetjingsløyva blei ferda ut i politidistrikt som omfattar dei store byane i Sør-Noreg: Oslo, Bergen, Stavanger og Kristiansand. I alt 27 prosent av løyva gjevne av politiet blei ferda ut i Oslo-området.

For å få busetjingsløyve (permanent opphaldsløyve) i Noreg må ein ha budd samanhengande i landet i tre år med eit opphalds- eller arbeidsløyve som er gjeve med sikte på varig opphald. Dette omfattar blant anna personar som har fått godkjent asyl, opphald av andre vernegrunnar eller på humanitært grunnlag, opphald for familieinnvandring og arbeidsløyve som spesialist. Med samanhengande butid er det meint at ein ikkje kan ha opphalde seg utanfor Noreg i meir enn sju månader til saman i løpet av desse tre åra. Eit busetjingsløyve er ikkje tidsavgrensa og treng ikkje fornyast. Sjølv om grunnlaget for det opphavlege løyvet fell bort, til dømes gjennom skilsmål eller arbeidsløyse, mistar ein det ikkje. Ein kan likevel miste busetjingsløyvet dersom ein oppheld seg samanhengande utanfor Noreg i meir enn to år. Busetjingsløyve må ikkje forvekslast med arbeidet med busetjing av flyktningar i norske kommunar, jf. side 14.

Busetjingsløyve fordelt på ti største land og kjønn. 2004



## Andre innvandringsløyve

### Andre innvandringsløyve


Nokre få løyve blir gjevne på anna grunnlag enn dei fire hovudgruppene av innvandringsløyve som blir gjevne til flyktningar, familieinnvandring, arbeidsinnvandring og personar som skal ta utdanning. Nokre av løyva som blir gjevne på anna grunnlag, kan danne grunnlag for seinare permanent busetjingsløyve, mens andre er mellombelse løyve. I 2004 blei det gjevne litt over 300 nye slike løyve.

Den største gruppa blant desse var løyve som blei gjevne på grunnlag av sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til Noreg, til saman 160 løyve. Dette kan til dømes vere personar frå Kolahalvøya av norsk opphav, og kvinner som har kome på eit familieinnvandringsløyve, som er blitt mishandla i ekteskapet og får opphald sjølv om ekteskapet er over.



Busetjing i ein kommune skjer når ein person som har fått opphald etter ein asylsøknad, flyttar ut av eit statleg mottak og blir ordinær innbyggjar i ein kommune. Overføringsflyktningar kjem direkte til Noreg og blir normalt busette i ein kommune utan å vere innom statlege mottak først. Personar som treng offentleg hjelp, må busette seg i den kommunen som staten ved UDI og busetjingskommunen blir einige om, med mindre dei klarer seg utan støtte frå det offentlege. Dei som blir busette etter avtale mellom UDI og kommunen, har etter retningslinjer som er fastsette i introduksjonslova, rett og plikt til å gjennomføre introduksjonsprogram i busetjingskommunen. Busetjing i kommune må ikkje forvekslast med busetjingsløyve, jf. side 13.

**Busette flyktningar og familien deira fordelt på sakstype. 1998-2004**



**Færre blei busette i norske kommunar**  
I 2004 blei det busett i overkant av 5 500 nye flyktningar og familiesameinte til flyktningar i kommunane. Det er 1 200 færre enn i 2003. Nedgangen kjem først og fremst av ein nedgang i talet på busette overføringsflyktningar frå 1 650 til over 850 personar. Også talet på familiesameinte til flyktningar har gått vesentleg ned samanlikna med 2003, frå 1 500 til 850. Denne nedgangen kjem truleg av at reglene for familieinnvandring er stramma inn for delar av denne gruppa.<sup>10</sup> Talet på busette frå asylmottak har derimot gått opp frå i underkant av 3 600 til 3 800 personar.

Resultatet av arbeidet med å busette flyktningar låg noko under behovet i 2004. Ved utgangen av året var det derfor om lag 2 150 personar i asylmottak som venta på å bli busette i ein norsk kommune.

## Kven er det som blir busette i norske kommunar?

Personar med bakgrunn frå Somalia var den største gruppa som blei busett i 2004. Vidare blei det busett mange frå Afghanistan og Russland. Det var også desse tre landa Noreg tok imot flest asylsøkjjarar frå i 2004. Personar med bakgrunn frå Liberia, den fjerde største gruppa i talet på busette i 2004, var hovudsakleg overføringsflyktningar. Det same gjeld personar frå Myanmar, som utgjer den femte største gruppa.

*Teksttabell 9. Busette flyktningar og familien deira, totalt og fordelt på ti største land. 2004*

Land/bakgrunn	Busette
Somalia	1 039
Afghanistan	818
Russland	758
Liberia	416
Myanmar	268
Serbia Montenegro	256
Iran	166
Irak	126
Statslause	104
Burundi	85
Andre land	1 497
Totalt	5 533

Personar frå Irak utgjorde den største gruppa i kategorien "familie til flyktning" blant dei som blei busette i 2004. Over 60 prosent av alle busette irakarar høyrde til denne kategorien. Totalt var 15 prosent av alle som blei busette, personar som blei familiesameinte med flyktningar.

Fleire menn enn kvinner blei busette i 2004, 58 prosent menn mot 42 prosent kvinner. Overvekta av menn kjem først og fremst av at det er fleire mannlege asylsøkjjarar. Det er ei overvekt av kvinner som kjem som familie til flyktningar, mens det blant overføringsflyktningar er ei meir jamn fordeling mellom kjønna.

39 prosent av alle som blei busette, var barn. Hovudtyngda av dei busette var i alderen 20 til 35 år. Det er særleg busette flyktningar som er i denne aldersgruppa, mens gruppa busette familiesameinte til flyktningar i større grad omfattar barn. Blant overføringsflyktningar er det ei jamnare aldersfordeling.

De fleste som blir busette, er del av ein familie. Sjølv om vi held utanfor dei som er busette etter familieinnvandring, var 59 prosent av dei som blei busette i 2004, del av ein familie. Det er ein lågare del enn i 2003, då delen var på 66 prosent. Grunnen til nedgangen er i hovudsak at det i 2004 blei gjort ein ekstra innsats for å busette einslege. Talet på einslege som blei busette, auka med 14 prosent samanlikna med 2003, sjølv om det samla talet på personar som blei busette, gjekk ned.

## Flest busette i dei store byane

Oslo kommune busette flest flyktningar i 2004, til saman 288. Også andre kommunar som ligg i sentrale delar av Austlandet, ligg høgt på lista over flest busette flyktningar. På høvesvis andre, tredje og fjerde plass ligg dei andre store byane i landet: Trondheim, Bergen og Kristiansand.

<sup>10</sup> Dei fleste i kategorien "familie til flyktning" blir ikkje registrerte for kommunane sjølve søker om integreringstilskot for dei. På grunn av sein registrering vil derfor talet på busette i denne gruppa stige noko i forhold til det som er oppgjeve her. Regelverket for familieinnvandring er stramma inn for denne gruppa, og det har fått konsekvensar for kor mange som får godkjenning. Det er derfor ikkje mogleg å tenkje seg kor stort etterslepet av registreringar i denne gruppa vil bli.

Teksttabell 10. Busette flyktningar og familien deira, totalt og fordelt på ti største kommuner. 2004

Kommune	Busette
Oslo	288
Trondheim	228
Bergen	215
Kristiansand	212
Stavanger	121
Bærum	109
Drammen	107
Skien	97
Tromsø	89
Bodø	84
Andre kommunar	3 983
Totalt	5 533

### Busette i forhold til folketal

Ser vi derimot på talet på busette flyktningar i forhold til folketalet, er det ikkje lenger områda rundt dei største byane i Noreg som ligg øvst. Til dømes var Vadsø den kommunen med flest busette i forhold til folketalet i både 2003 og 2004. Det er ikkje berre Vadsø i Finnmark som buset mange flyktningar i forhold til folketalet. Finnmark ligg øvst av alle dei 19 fylka i landet. Som nummer to og tre på ei fylkesvis rangering av talet på busette i forhold til folketal kjem Vest-Agder og Telemark. Oslo hamnar på siste plass i ei slik rangering

Teksttabell 11. Busette flyktningar og familien deira fordelt på fylke og folketal.\* 2004

Rangering	Fylke	Folketal**	Busette	Busette i forhold til folketal per 100 000 innbyggjarar
1	Finnmark	73 043	174	238
2	Vest-Agder	161 268	347	215
3	Telemark	166 295	310	186
4	Aust-Agder	103 619	190	183
5	Nordland	236 811	409	173
6	Nord-Trøndelag	128 445	217	169
7	Troms	152 725	233	153
8	Oppland	183 167	272	148
9	Hedmark	188 384	270	143
10	Buskerud	243 482	345	142
11	Sogn og Fjordane	107 009	144	135
12	Vestfold	220 719	280	127
13	Rogaland	393 093	481	122
14	Sør-Trøndelag	272 573	318	117
15	Hordaland	448 402	429	96
16	Østfold	258 543	234	91
17	Akershus	494 339	431	87
18	Møre og Romsdal	244 679	161	66
19	Oslo	529 407	288	54
	Noreg	4 606 003	5 533	120

\*Tabellen inkluderer berre første busetjing med offentlig hjelp.

\*\*Kjelde: Folkemengde 1. januar 2005 og endringane i 2004. Fylkesoversikt. Foreløpige tall.


URL: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrkv/2004k4/hittil00.html>

Rangeringa over busette flyktningar fordelt på fylke og folketal tek ikkje omsyn til sekundærflyttingar. Sekundærflyttingar vil seie flyttingar som flyktningar gjer etter at dei er blitt busette i ein kommune. Altså seier ikkje denne tabellen noko om flyktningane og familien deira


faktisk blir buande i dei fylka der dei er blitt busette med offentlig hjelp. Sekundærflyttingar gjeld i stor grad flytting til Oslo, Akershus og Østfold.<sup>11</sup>

<sup>11</sup> Vi har i dag ikkje tilfredsstillande statistikk over sekundærflyttingane til busette flyktningar

Talet på bebuarar i mottak fordelt på månader og status i asylsaka. 2004



Bebuvarar i mottak fordelt på fem største land. Per 31.12.2004



Ved årsskiftet 2004/2005 budde det 12 200 personar i norske asylmottak. Det er ein nedgang på nesten 30 prosent frå året før, då det var 17 200 personar i mottak. Asylmottak er eit frivillig, mellombels butilbod til personar som har søkt om asyl. Tilbodet varer til personen får godkjent søknaden sin og blir busett i ein kommune, eller får avslag og må forlate Noreg.

Nedgangen i talet på bebuvarar i asylmottak kjem først og fremst av at færre personar ventar på å få ei avgjerd i saka si. Talet på personar som har fått opphald og ventar på å bli busette i ein kommune, har i løpet av 2004 ikkje endra seg vesentleg. Talet på personar som har fått avslag på søknaden sin og skal forlate landet, har heller ikkje endra seg vesentleg gjennom året.

Det finst mottak i alle fylke i Noreg. Nordland fylke hadde flest personar buande i mottak i 2004. Nedgangen i talet på personar som treng mottaksplass, har ført til at fleire mottak er blitt lagde ned. Ved årsskiftet 2004/2005 var 103 mottak i drift, mot 140 eitt år tidlegare.

I 2004 budde det personar med bakgrunn frå rundt 100 ulike nasjonalitetar i mottak. Fem nasjonalitetar dominerte; søkjarar frå Somalia, Irak, Russland, Afghanistan og Serbia og Mon-

tenegro utgjorde over 70 prosent av dei som var i mottak ved årsskiftet.

### Barn i mottak

Ved utgangen av 2004 var 3 300 av alle som bur på mottak, under 18 år. Det tilsvarer 27 prosent. Eitt år tidlegare var det tilsvarande talet 30 prosent. Litt over halvparten av barna var i skulepliktig alder. Dei fleste barna var saman med foreldre eller andre følgjepersonar. Barn som kjem aleine, skal bu på eigne mottak for einslege mindreårige. Ved utgangen av 2004 budde 129 barn under 18 år i slike mottak.

### Årsaker til at bebuvarar flyttar ut av mottak

Nærare 14 000 personar forlét eit asylmottak av ulike årsaker i 2004. Årsakene kan vere at dei har fått busetjing i ein kommune, at dei har blitt uttransporterte av politiet, at dei har returnert frivillig til heimlandet, osv. 5 300 personar forlét mottaka utan å gje opp ny adresse eller kvar dei hadde reist. Ein del personar gjev i ettertid opp kvar dei er, eller dei kjem tilbake til mottaket. Ein del av dei som blei registrerte med ukjend adresse, kan vere uttransporterte av politiet utan at det er blitt registrert ved mottaka. Andre kan ha forlate Noreg utan å melde frå til norske myndigheiter.



### Frivillig retur


I mai 2003 starta Utlendingsdirektoratet eit samarbeid med International Organization for Migration (IOM) om tilrettelegging av heimreise for asylsøkjjarar som har trekt eller fått avslag på søknaden sin. I 2004 var det nærare 1 100 personar som nytta seg av denne ordninga. Den største gruppa var personar frå Serbia og Montenegro, og dei fleste av desse reiste tilbake til Kosovo.

*Teksttabell 12. Frivillig retur med IOM totalt og fordelt på ti største land. 2004*


<b>Landbakgrunn</b>	<b>Returer</b>
Serbia og Montenegro	159
Irak	137
Russland	103
Bosnia	85
Kviterussland	79
Iran	71
F.Y.R. Makedonia*	37
Ukraina	37
Afghanistan	32
Andre land	332
Totalt	1 072

\*Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia.

Asylsøknader til Noreg 1994-2004




Asylsøknader til Noreg fordelt på måned og fire største land. 2003-2004



— Afghanistan  
— Russland  
— Serbia og Montenegro  
— Somalia

Asylsøknader til Noreg fordelt på alder og kjønn. 2004



## Markert nedgang i talet på asylsøknader

I 2004 fekk Noreg drygt 7 900 asylsøknader. Det var ein nedgang på nærare 7 700 asylsøknader samanlikna med 2003, og det lågaste talet sidan 1997.

I 2004 var talet på asylsøknader nokså jamt fordelt utover året, og den sesongavhengige oppgangen i august og september var ikkje så markant som i føregåande år. På det meste blei det registrert 763 asylsøknader i ein og same månad i 2004, og på det lågaste 552 søknader.

I alt 111 ulike land var representerte blant dei personane som søkte om asyl i 2004. Det kom flest asylsøknader frå personar med bakgrunn frå Afghanistan (1059 søknader), deretter personar med bakgrunn frå Somalia (957 søknader), Russland (938 søknader) og Serbia og Montenegro (860 søknader). Til saman var om lag halvparten av asylsøknadene i 2004 frå personar frå desse landa.

Utlendingsdirektoratet reknar med at den kraftige nedgangen i talet på asylsøknader til Noreg heng saman med innføringa av ei effektivisert og differensiert saksbehandling. Blant anna innførte direktoratet frå 1. januar 2004 ein 48-timarsprosedyre for rask behandling av asylsøknader frå personar som kjem frå land norske myndigheiter reknar som trygge. Andre forklaringar på nedgangen i Noreg er at det har vore ein nedgang i talet på asylsøkjarrar generelt i Europa, og vi ser at nedgangen gjeld nasjonalitetar som Noreg har hatt mange asylsøkjarrar frå. Vidare har direktoratet i 2004 vurdert praksisen for søknadsbehandling for personar frå fleire av dei landa som Noreg tek imot flest asylsøkjarrar frå, noko som førte til at asylsøknader frå personar med bakgrunn frå desse landa i periodar av året blei lagde til sides.<sup>12</sup> Dette kan i seg sjølv ha medverka til noko av nedgangen. At det i 2004 var ein nedgang på 76 prosent i talet på asylsøknader frå dei nye medlemslanda i EU samanlikna med 2003, var truleg eit resultat av utvidinga av EU frå og med 1. mai 2004.<sup>13</sup>

Størst nedgang var det i talet på asylsøknader frå personar med bakgrunn frå Serbia og Montenegro, ein nedgang på i overkant av 1 300 søknader – i overkant av 60 prosent frå 2003 til 2004. Deretter har det vore størst nedgang i talet på asylsøknader frå personar med bakgrunn frå Afghanistan (48 prosent), Russland (50 prosent) og Somalia (40 prosent). Størst prosentvis nedgang var det i asylsøknader frå personar med bakgrunn frå Mongolia (86 prosent), Bosnia-Hercegovina (82 prosent) og Kviterussland (79 prosent).

Sjølv om dei samla berre utgjorde sju prosent av asylsøknadene i 2004, er det verdt å merke seg at 20 land har auka talet på asylsøknader frå året før. Aller størst var auken for personar med bakgrunn frå Nepal (i overkant av 100 prosent), Liberia (40 prosent), Burundi (10 prosent) og Vietnam (40 prosent).

Av alle som søkte om asyl i 2004, var rundt 56 prosent vaksne menn og 21 prosent vaksne kvinner, mens dei resterande 24 prosentane var medfølgjande barn. Dei fleste asylsøkjarrane var mellom 18 og 29 år (40 prosent).

<sup>12</sup> Dette gjeld Afghanistan, Russland, Somalia og Irak.

<sup>13</sup> Dei nye EU-landa er Estland, Latvia, Litauen, Polen, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia, Ungarn, Kypros og Malta



## Markert nedgang i talet på einslege mindreårige asylsøkjjarar

I alt 424 einslege mindreårige søkte asyl i Noreg i 2004. Einslege mindreårige asylsøkjjarar omfattar personar som når dei kjem til Noreg, hevdar at dei er under 18 år og utan følgje av foreldre eller andre med foreldreansvar. Med ein nedgang på nesten 500 einslege mindreårige asylsøkjjarar samanlikna med 2003 var dette det lågaste talet på 4 år. Nedgangen heng truleg saman både med den generelle nedgangen i talet på asylsøkjjarar og med innføringa av aldersundersøking i 2003.

Dei fleste einslege mindreårige asylsøkjjarane hadde bakgrunn frå Afghanistan, Somalia og Irak. Desse landa var også dei største blant dei ordinære asylsøknadene.

## Aldersundersøking


I 2003 byrja UDI å undersøkje alderen til asylsøkjjarar som hevdar dei er einslege mindreårige, men som verkar eldre enn 18 år. Direktoratet går ut frå at rundt 80 prosent av søknadene frå einslege mindreårige asylsøkjjarar går gjennom ei aldersundersøking. Undersøkinga er ei frivillig ordning som blir gjennomført med røntgenundersøking av tenner og hand. I 2004 blei det motteke 483 resultat frå aldersundersøkingar. Resultata, som også omfatta nokre søkjjarar som kom i 2003, viste at 18 prosent av dei undersøkte truleg var under 18 år og 82 prosent 18 år eller eldre. I 2003 blei det gjennomført aldersundersøkingar av rundt 500 personar, og 80 prosent av desse blei vurderte til å vere 18 år eller eldre. Dersom resultatet av aldersundersøkinga utan tvil viser at personen er over 18 år, skal vedkomande behandlast som ein vaksen asylsøkjjar og ikkje som ein einsleg mindreårig asylsøkjjar.

## Større del avslag i EMA-saker


I 2004 fatta UDI i underkant av 1 000 vedtak i saker der søkjaren har hevda å vere einsleg mindreårig. Samanlikna med 2003 er dette ein auke på om lag 300 vedtak. I alt 80 prosent av vedtaka i 2004 blei fatta etter realitetsbehandling i UDI, og om lag 15 prosent blei behandla i samsvar med Dublin-samarbeidet. Dei resterande fem prosentane var saker som av ulike årsaker blei bortlagde eller trekte.

Av sakene som er realitetsbehandla, fekk 40 prosent godkjent søknaden, og 60 prosent fekk avslag. Avslagsprosenten i 2003 og 2002 var på høvesvis 40 og 30 prosent. Årsaka til at fleire einslege mindreårige asylsøkjjarar har fått avslag på søknaden i 2004 enn i 2002 og 2003, er truleg innføringa av aldersundersøking. Fleire av dei som hevdar å vere einslege mindreårige når dei kjem til Noreg no, blir vurderte på same måten som andre vaksne i behandlinga av asylsøknaden. Avslagsprosenten for ordinære saker var òg 60 prosent i 2004.


Einslege mindrårige asylsøkjjarar (EMA). 1995-2004



EMA fordelt på fem største land. 2004



EMA fordelt på oppgjeven alder då søkjaren kom til Noreg. 2004\*



\*Personar over 18 år har fått endra alder etter aldersundersøking gjennomført i 2004

Samanlikna med dei første ni månadene i 2003 var det i 2004 ein nedgang på 22 prosent i talet på asylsøknader i dei 36 landa som rapporterte slike tal til UNHCR.<sup>14</sup> Frankrike tok imot flest asylsøknader og hadde i motsetnad til dei fleste andre land ein oppgang frå året før. Også Slovakia og Kypros hadde ein markant oppgang i 2004 samanlikna med 2003. Blant dei som fekk flest søknader i 2004, var nedgangen størst i Storbritannia (36 prosent) og Tyskland (30 prosent). Det samla talet på asylsøknader til EU-land gjekk i 2004 ned med 18 prosent samanlikna med 2003. Ser vi berre på dei nye EU-landa, gjekk talet på asylsøknader opp med 16 prosent. Det vil seie at EU hadde ein nedgang på 21 prosent i talet på asylsøknader dersom vi ikkje reknar med dei ti nye EU-landa. Noreg hadde ein kraftigare nedgang i talet på asylsøknader enn EU-området hadde samla, med 50 prosent færre asylsøkjjarar enn i 2003.

Ser vi samla på dei 36 industrilanda som rapporterte til UNHCR, kom det dei ni første månadene i 2004 flest asylsøknader frå Russland, Serbia og Montenegro, Kina og Tyrkia. Til saman utgjorde desse fire landa 25 prosent

av alle søknadene, like mykje som i 2003. Samanlikna med 2003 var det størst faktisk nedgang i talet på asylsøknader frå Irak, med 69 prosent og 15 000 færre søknader. Etter Irak kjem Tyrkia, Afghanistan og Somalia. Nedgangen i talet på søknader frå desse fire landa utgjorde til saman 41 prosent av den totale nedgangen i 2004 (i overkant av 29 000 søknader).

Samanliknar vi asylsøknadene som Noreg tok imot i 2004, med asylsøknadene til dei industrilanda som rapporterer til UNHCR, ser vi at Noreg hadde ein relativt større nedgang enn andre land frå 2003 til 2004. Vidare fekk Noreg ein lågare del asylsøknader frå land som Kina og Tyrkia enn dei rapporterende industrilanda sett under eitt. Dei største skilnadene mellom Noreg og dei andre landa viser seg når vi samanliknar den relative nedgangen for asylsøknader frå Russland og Serbia og Montenegro, der nedgangen i Noreg er relativt større enn for dei rapporterende industrilanda totalt. Noreg har likevel ikkje erfart ein like stor relativ nedgang i asylsøknader frå Irak som andre land

## Asylsøknader til Norden

I 2004 tok dei nordiske landa imot i alt rundt 17 300 asylsøknader. Det er ein nedgang på 31 prosent samanlikna med 2003. Størst var nedgangen i Noreg (50 prosent), deretter Danmark (35 prosent), Sverige (26 prosent) og Island (5 prosent). Sverige hadde flest asylsøk-

nader i 2004, i overkant av 23 000. Samanlikna med 2003 var det berre Finland som hadde ein auke i talet på asylsøknader. Auken var på 13 prosent, og Finland passerte dermed Danmark på lista over talet på asylsøknader.

## Visum

I 2004 blei det behandla om lag 90 000 søknader om visum ved norske utanriksstasjonar og i UDI. Av desse blei om lag 86 prosent godkjende. Turistvisum utgjør den største delen utferda visum. Dette er ein type visum som gjev høve til å reise inn i Schengen-området og opphalde seg der i ein avgrensa periode på inntil 90 dagar. Løyvet blir gjevne for turistbesøk, familiebesøk, offentlege oppdrag, forretningsreise eller liknande, og føreset at søkjaren returnerer etter avslutta besøk. Visum skal i utgangspunktet ikkje gjevast til personar som har planar om å ta permanent opphald i Noreg.

### Nasjonalt visum

Andre typar visum enn Schengen-visum er nasjonalt visum, lufthamtransittvisum, transittvisum og innreisevisum for arbeidssøkjande eller familie-sameinte. Nasjonalt visum er avgrensa til eit visst


område, men kan gjevast for lengre opphald, som regel i samband med godkjent opphald/arbeid eller søknad om opphald/arbeid.

### Representasjon

Rundt 82 000 visumsaker blei behandla ved ein av utanriksstasjonane til Noreg. Dette talet inkluderer også rundt 8 500 saker der Noreg representerte myndighetene i andre land. I tillegg kjem visum som er gjevne av utanriksstasjonane til andre land på vegner av Noreg. I alt 50 utanriksstasjonar som representerer andre Schengen-land, har myndighet til å gje visum på vegner av Noreg.

UDI behandlar saker som omfattar nasjonalt visum. UDI er òg saksbehandlar når utanriksstasjonen er i tvil om søknaden skal godkjennast, og i tilfelle der utanriksstasjonen har avsege ein søknad og søkjaren har klaga på vedtaket.

Visumsaker behandla i UDI fordelt på ti største land. 2004



Teksttabell 13. Asylsøknader til 36 industriland, etter land per 3. kvartal.\* 2003-2004

Landbakgrunn	Asylsøknader		Prosentvis endring 3. kvartal -03 – 3. kvartal -04	Per 1 000 innbyggjarar 04 (est.)
	Per 3. kvartal 2003	Per 3. kvartal 2004		
Kypros	1 012	6 062	499 %	10,2
Luxembourg	1 014	1 274	26 %	3,8
Austerrike	24 567	18 834	-23 %	3,1
Sverige	23 085	17 624	-24 %	2,7
Liechtenstein	77	59	-23 %	2,4
Slovakia	6 162	8 990	46 %	2,2
Malta	433	646	49 %	2,2
Sveits	15 966	11 576	-27 %	2,2
Noreg	12 210	6 212	-49 %	1,8
Belgia	12 023	11 070	-8 %	1,4
Irland	6 662	3 598	-46 %	1,2
Frankrike	42 390	46 027	9 %	1,0
Canada	24 941	17 849	-28 %	0,8
Storbritannia	46 835	30 180	-36 %	0,7
Finland	2 142	2 625	23 %	0,7
Nederland	10 685	7 140	-33 %	0,6
Danmark	3 531	2 372	-33 %	0,6
Tsjekkia	8 083	4 405	-46 %	0,6
Slovenia	875	849	-3 %	0,6
Tyskland	38 856	27 304	-30 %	0,4
Hellas	6 792	3 450	-49 %	0,4
Island	62	59	-5 %	0,3
Polen	5 052	5 232	4 %	0,2
New Zealand	676	489	-28 %	0,2
Ungarn	1 904	1 216	-36 %	0,2
Australia	3 422	2 394	-30 %	0,2
USA	43 630	28 460	-35 %	0,1
Bulgaria	963	765	-21 %	0,1
Spania	4 125	3 836	-7 %	0,1
Litauen	135	111	-18 %	0,0
Romania	869	500	-42 %	0,0
Kroatia	26	90	246 %	0,0
Estland	13	14	8 %	0,0
Portugal	78	80	3 %	0,0
Japan	250	342	37 %	0,0
Latvia	5	5	0 %	0,0
Total	349 551	271 739	-22 %	-

\*Kjelde: UNHCR

<sup>14</sup> Sidan det ikkje finst statistikk frå UNHCR for 2004, bruker vi tal for dei ni første månadene som samanlikningsgrunnlag. Italia er ikkje inkludert i talmaterialet. Kjelde: <http://www.unhcr.ch/cgi-bin/texis/vtx/statistics>

## 7 900 visum behandla i UDI

I 2004 blei det behandla 7 900 søknader om visum i UDI. Det utgjer ni prosent av alle søknadene om visum til Noreg som blei behandla av norske myndigheiter. Samanlikna med 2003 blei i underkant av 800 fleire visumsaker behandla i UDI i 2004. I alt 40 prosent av visumsøknadene som UDI behandla, blei godkjende. I overkant av 30 prosent av sakene gjaldt borgarar frå Iran og Pakistan. Av søknadene frå Iran blei om lag halvparten godkjende, mens berre ti prosent av søknadene frå Pakistan blei godkjende.


Éin av tre visumsøknader frå Russland Fordi Noreg ikkje har visumfridomsavtale med Russland, blei det i 2004 behandla ein stor del visumsøknader, om lag 30 000, ved dei

tre utanriksstasjonane i Russland: Murmansk, Moskva og St. Petersburg. Samanlikna med 2003 var det ein nedgang på om lag 1 000 saker. I alt 98 prosent av søknadene som blei behandla ved desse utanriksstasjonane, blei godkjende.


## Søknader frå tredjelandsborgarar

Tala over visumsaker behandla ved norske utanriksstasjonar viser berre kva utanriksstasjon som behandla søknaden, ikkje kva nasjonalitet søkjaren har. Ein kan gå ut frå at søkjaren i dei fleste tilfelle er borgar av det landet utanriksstasjonen ligg i. Land der statsborgarane av landet har visumfridom, men borgarar med eit anna statsborgarskap ikkje har det, vil vere unntaka her. Det gjeld blant anna for alle visumutferdingane i Storbritannia.

Visumsaker behandla ved norske utanriksstasjonar fordelt på ti største land. 2004



Statsborgarskap godkjende av UDI fordelt på tidlegare statsborgarskap. 2003-2004



I 2004 behandla Utlendingsdirektoratet om lag 8 800 søknader om statsborgarskap. Om lag 7 500 personar fekk tildelt norsk statsborgarskap, 300 fleire enn året før. Flest statsborgarskap blei gjevne til personar med bakgrunn frå Bosnia-Hercegovina, i overkant av 800. Det heng saman med den store straumen av bosniske flyktningar til Noreg på byrjinga av nittitalet. Andre store grupper som fekk norsk statsborgarskap i 2004, var personar med tidlegare statsborgarskap frå Irak og Pakistan. Samanlikna med 2003 hadde personar med bakgrunn frå Marokko og Iran størst prosentvis oppgang i talet på overgangar til norsk stats-

borgarskap. Sjølv om personar med bakgrunn frå Bosnia utgjorde den største gruppa, var det samanlikna med 2003 ein nedgang i deira del av overgangar til norsk statsborgarskap.

Norsk statsborgarskap kan gjevast både av Utlendingsdirektoratet og av Fylkesmannen. Den samla statistikken over overgang til norsk statsborgarskap blir derfor utgjeven av Statistisk sentralbyrå (SSB).<sup>15</sup>

Utvisingar fordelt på grunnlag. 2003-2004




## Utvisingar

### Fleire utvisingar

I 2004 blei 1 260 personar utviste frå Noreg. Det er ein auke på nesten 120 utvisingar samanlikna med 2003. Auken kom utelukkande av utvisingar på bakgrunn av utlendingslova. Samanlikna med 2003 var det ein nedgang på nærare 15 prosent i utvisingar på bakgrunn av straffelova. Auken i talet på utvisingar på bakgrunn av utlendingslova kan først og fremst forklarast med større merksemd rundt personar som har oppgjeve falsk identitet i samband med søknader om asyl og andre opphaldssaker.

Nær 20 prosent av dei som blei utviste i 2004, kom frå Somalia og Russland. Av desse blei dei fleste utviste på bakgrunn av utlendingslova. For personar med bakgrunn frå Polen, Albania og Serbia og Montenegro var straffelova grunnlaget for dei fleste utvisingane.

Utvisingar fordelt på ti største land og grunnlag. 2004



<sup>15</sup> URL: <http://www.ssb.no/emner/02/02/statsborger/>



Tabell 1. Arbeidsløve fordelt på type løve og år. 1998-2004\*

	Grunnlag for BOS**		Fornybare løve		Ikkje-fornybare løve			Totalt
	Spesialist	Andre	Inntil 4 år	Inntil 2 år	Sesong	Andre	EØS	
1998	450	17	618	0	7 563	2 586	3 181	14 417
1999	428	27	720	0	8 388	2 302	3 416	15 282
2000	515	13	664	21	9 930	2 479	2 234	15 856
2001	817	23	920	76	11 896	2 743	2 518	18 994
2002	1 730	28	1 070	247	15 714	2 819	2 549	24 158
2003	1 126	16	754	147	17 886	2 473	3 237	25 650
2004	747	10	967	125	4 854	2 128	24 180	33 011

\*Tala kan variere frå tal oppgjevne i rapportar for tidlegare år. Dette kjem av at ein del saker blir registrerte i datasystemet ei tid etter at løvet er gjeve, og derfor ikkje kjem med i statistikken for det året. Tala viser det samla talet på førstegongs godkjenningar gjevne av alle instansar, også politiet og Utlendingsnemnda.

\*\*Busetjingsløve



Tabell 2. Arbeidsløye fordelt på type løye og landbakgrunn. 2004

Landbakgrunn	Grunnlag for BOS*		Fornybare løye		Ikkje-fornybare løye		EØS	Totalt	Fornyngar
	Spesialist	Andre	Inntil 4 år	Inntil 2 år	Sesong	Andre			
Albania	2	0	1	0	15	0	0	18	5
Australia	34	1	14	107	9	7	0	172	73
Belgia	0	0	1	0	0	0	65	66	34
Bosnia-Hercegovina	17	0	58	0	16	0	0	91	34
Brasil	10	0	16	0	19	1	0	46	25
Bulgaria	16	0	14	0	153	517	1	701	39
Canada	21	1	32	0	3	10	2	69	61
Estland	8	0	45	0	76	21	573	723	123
Filippinane	50	0	4	0	24	2	0	80	137
Frankrike	0	0	0	0	0	0	240	240	148
Ghana	2	0	12	0	5	0	0	19	15
Hellas	0	0	0	0	0	0	43	43	30
Hviterussland	4	0	1	0	176	1	0	182	15
India	36	2	67	0	85	8	0	198	86
Irland	0	0	0	0	0	0	40	40	27
Italia	0	0	1	0	0	0	156	157	64
Japan	19	0	12	0	3	0	0	34	30
Kenya	1	0	18	0	3	0	0	22	7
Kina	22	0	33	0	6	0	1	62	89
Kroatia	10	0	1	0	34	4	0	49	38
Latvia	3	0	3	0	221	26	912	1 165	141
Litauen	26	0	54	3	992	6	4 963	6 044	1 096
Moldova	0	0	2	0	48	3	1	54	4
Nederland	1	0	2	0	0	0	329	332	181
Nepal	1	0	2	0	15	0	0	18	0
New Zealand	9	0	9	1	25	13	0	57	7
Nigeria	6	0	11	0	0	0	0	17	33
Polen	91	0	41	1	1 961	785	13 156	16 035	1 978
Portugal	0	0	0	0	0	0	342	342	47
Romania	21	0	12	0	278	292	3	606	54
Russland	68	1	41	10	164	277	1	562	196
Serbia og Montenegro	37	0	24	0	21	4	0	86	105
Slovakia	3	0	14	0	57	2	521	597	157
Slovenia	0	0	1	0	3	0	14	18	1
Spania	0	1	0	0	0	0	95	96	74
Storbritannia	4	0	0	0	0	2	738	744	374
Sveits	1	1	1	0	0	0	29	32	30
Sør-Afrika	2	0	19	0	5	1	0	27	10
Sør-Korea	9	0	17	0	0	1	0	27	33
Tanzania	1	0	16	0	0	0	0	17	10
Tsjekkia	3	0	8	0	38	20	310	379	38
Tyrkia	5	1	10	0	17	3	0	36	26
Tyskland	11	0	1	0	0	0	1 455	1 467	703
Ukraina	10	1	5	0	229	11	0	256	20
Ungarn	1	0	1	0	7	44	81	134	21
USA	97	1	170	0	24	38	0	330	260
Vietnam	2	0	4	0	56	0	0	62	6
Østerrike	0	0	0	0	0	0	96	96	36
Andre land	78	0	165	3	47	24	13	330	234
Statslause	5	0	4	0	19	5	0	33	11
<b>Totalt</b>	<b>747</b>	<b>10</b>	<b>967</b>	<b>125</b>	<b>4 854</b>	<b>2 128</b>	<b>24 180</b>	<b>33 011</b>	<b>6 966</b>

\* Busetjingsløye

Tabell 3. Utdanningsløyve fordelt på type løyve og landbakgrunn, 2004

Landbakgrunn	Utdanningsløyve						EØS	Totalt	Fornyngar
	Student	Folkehøgskule	Post-doktorgrad	Au pair	Praktikant	Andre arb.løyve i samb. med utd.			
Australia	51	0	1	2	1	1	0	57	3
Bangladesh	22	1	0	1	1	0	0	25	30
Belgia	2	0	0	0	0	0	28	30	2
Brasil	32	3	1	16	7	0	0	59	19
Bulgaria	23	1	0	26	3	21	0	75	50
Canada	62	5	4	4	3	2	0	80	6
Colombia	11	2	0	5	1	0	0	19	10
Estland	4	0	0	16	3	2	37	62	25
Etiopia	70	2	2	0	0	0	0	74	89
Filippinane	5	8	0	235	1	0	0	249	110
Frankrike	1	0	0	0	0	0	208	209	28
Ghana	44	11	0	7	0	0	0	62	50
Kviterussland	15	2	0	33	37	6	0	93	67
India	28	10	0	1	4	0	0	44	39
Indonesia	26	0	1	7	0	0	0	34	16
Italia	7	0	0	0	0	0	162	169	15
Japan	41	1	7	1	4	0	0	54	11
Kenya	21	8	0	6	1	0	0	36	18
Kina	267	8	8	8	12	0	0	310	258
Latvia	6	3	0	31	51	6	60	157	69
Litauen	11	0	0	77	13	26	77	204	130
Malawi	18	0	0	0	0	0	0	18	8
Mexico	38	0	0	3	1	0	0	42	9
Nederland	0	1	0	0	0	0	76	78	16
Nepal	36	2	0	5	0	0	0	43	51
Nigeria	24	0	0	0	0	0	0	24	15
Pakistan	18	2	0	2	0	0	0	22	21
Peru	1	3	0	15	0	0	0	19	15
Polen	14	2	0	94	248	6	81	445	197
Romania	42	26	1	86	2	14	0	171	105
Rusland	189	15	1	60	8	10	0	284	250
Serbia og Montenegro	39	2	1	12	5	0	0	61	21
Slovakia	8	0	0	8	2	17	25	60	15
Spania	1	0	0	0	0	0	152	153	22
Sri Lanka	13	7	0	27	3	0	0	50	34
Storbritannia	1	0	0	0	2	0	53	56	13
Sveits	2	0	0	0	0	0	32	34	8
Sør-Afrika	15	0	3	2	2	0	0	22	8
Sør-Korea	20	0	4	0	1	0	1	26	4
Tanzania	44	3	0	3	0	0	0	51	60
Thailand	22	2	0	18	4	0	0	46	13
Tsjekkia	12	0	0	19	11	9	38	89	19
Tyrkia	16	4	2	2	3	1	0	28	15
Tyskland	8	0	0	2	4	0	535	549	92
Uganda	36	0	0	1	0	0	0	37	44
Ukraina	18	5	0	91	19	4	0	137	71
Ungarn	10	0	0	8	3	0	34	55	9
USA	185	21	6	18	6	3	0	240	35
Vietnam	15	0	0	5	1	1	0	23	24
Zambia	18	0	0	1	0	0	0	19	17
Østerrike	1	0	0	0	0	0	70	71	6
Andre land	215	25	6	61	29	2	44	385	263
<b>Totalt</b>	<b>1 828</b>	<b>185</b>	<b>48</b>	<b>1 019</b>	<b>496</b>	<b>131</b>	<b>1 713</b>	<b>5 440</b>	<b>2 525</b>

Tabell 4. Familieinnvandring fordelt på landbakgrunn og år. 2001-2004

Landbakgrunn	2001	2002	2003	2004	Landbakgrunn	2001	2002	2003	2004
Afghanistan	382	510	387	318	Litauen	82	136	106	162
Algerie	41	33	54	61	Marokko	196	204	125	126
Australia	71	61	58	86	Nederland	214	188	171	271
Bangladesh	26	29	16	43	Nepal	54	54	25	50
Bosnia-Hercegovina	165	169	94	147	Nigeria	45	36	22	64
Brasil	130	129	156	191	Pakistan	566	545	518	496
Bulgaria	71	73	61	74	Peru	26	45	32	44
Canada	96	97	56	72	Polen	232	289	247	390
Chile	116	140	101	144	Romania	96	97	73	98
Cuba	61	68	48	78	Russland	637	905	797	742
Eritrea	47	46	26	42	Serbia og Montenegro	438	490	283	359
Estland	60	65	53	67	Slovakia	27	24	26	45
Etiopia	152	226	63	157	Somalia	645	1 707	652	689
Filippinane	366	457	396	437	Spania	39	60	35	49
Frankrike	164	158	135	131	Sri Lanka	236	221	148	183
Ghana	83	91	54	77	Storbritannia	394	420	330	453
Kviterusland	30	45	32	52	Syria	38	59	39	46
India	159	161	132	162	Thailand	650	918	780	1099
Indonesia	29	24	42	49	Tyrkia	490	465	445	418
Irak	1 696	1 737	940	909	Tyskland	382	426	401	563
Iran	288	268	252	260	Ukraina	88	153	129	155
Italia	44	58	47	55	USA	437	439	322	423
Kenya	26	52	30	56	Vietnam	325	291	171	334
Kina	134	228	156	226	Andre land	1 196	1249	995	1 367
Kroatia	68	61	56	68	Statslause	57	135	94	109
Latvia	47	65	58	53	<b>Totalt</b>	<b>12 142</b>	<b>14 607</b>	<b>10 469</b>	<b>12 750</b>

Tabell 5. Andre innvandringsløyve fordelt på type løyve og kontinent. 2004

Kontinent	Norsk forelder*	Sterke menneskelege hensyn**	EØS***	Kunstnar/ Idrettsutøver****	Medisinsk behandling *****	Totalt	Fornyngar
Afrika	0	31	0	0	0	31	60
Amerika	43	13	0	1	0	57	107
Europa	13	53	112	1	2	181	159
Asia	0	61	0	1	0	62	107
Andre*****	5	3	0	0	0	8	7
<b>Totalt</b>	<b>61</b>	<b>161</b>	<b>112</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>339</b>	<b>440</b>

\* Norsk forelder på fødselstidspunktet gjev grunnlag for busetjingsløyve

\*\*Gjeve etter § 21.5 i utlendingsforskrifta, gjev grunnlag for busetjingsløyve om ikkje anna er oppgjeve

\*\*\*Tjenestemottaker eller mottakere av periodiske ytelser eller har egne midler

\*\*\*\*Løyve som kan fornyast i inntil 2 år – ikkje arbeidsløyve

\*\*\*\*\*Løyve som kan fornyast i inntil 1 år – ikkje arbeidsløyve

\*\*\*\*\*Inkluderer personar frå Oseania og eventuelle statslause

Tabell 6. Personar som har fått vedtak om vern og tilhøyrande personar som har fått familieinnvandring, 1995-2004

År	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
<b>I ASYLSØKJARAR</b>										
<i>Førsteinstans</i>										
Asyl	29	6	83	95	181	97	292	332	588	457
Opphald humanitært grunnlag*	913	610	550	1 564	2 609	2 856	4 036	2 958	2 961	3 023
Avgrensa opphald (Irak)						2 019	40	0	0	0
Avslag	1 414	1 410	1 531	2 260	3 300	4 899	8 976	12 829	12 236	8 346
<i>Klageinstans</i>										
Asyl	0	0	4	13	0	4	4	10	21	51
Opphald humanitært grunnlag*	996	255	176	249	423	343	265	326	219	600
Avslag	1 005	913	1 364	1 055	3 140	4 294	4 145	7 859	9 429	10 650
<b>II OVERFØRINGSFLYKTNINGAR</b>	330	594	1 281	1 118	1 480	1 481	1 269	1 355	1 149	758
<b>III KOLLEKTIV VURDERING</b> (Massefluktsituasjon)	1 973	782	495	267	8 059	0	0	0	0	0
<b>IV SUM TALET PÅ GJEVE VERN</b>										
Asyl	359	600	1 368	1 226	1 661	1 582	1 565	1 697	1 758	1 266
Opphald humanitært grunnlag*	1 909	865	726	1 813	3 032	3 199	4 301	3 284	3 180	3 623
Avgrensa opphald (Irak)						2 019	40	0	0	0
Kollektiv vurdering	1 973	782	495	267	8 059	0	0	0	0	0
SUM	4 241	2 247	2 589	3 306	12 752	6 800	5 906	4 981	4 938	4 889
<b>V FAMILIEINNVANDRING</b>										
Tal på personar gitt familieinnvandringsløyve med personar som har fått vern	400	700	900	1 100	2 000	2 300	2 200	4 300	2 100	-

\* Opphald på humanitært grunnlag inkluderer både opphald på grunnlag av anna vern og opphald av humanitære årsaker.

\*\* Tala er avrunda. Registreringane for 2004 var ikkje fullstendige ved utløpet av februar 2005, tala for tidlegare år kan òg vere usikre.

Vedtak i førsteinstans (UDI): Talet på avslag inneheld òg vedtak i saker som ikkje er realitetsbehandla, men avgjorde etter Dublin-forordninga eller andre avtalar om tilbakeføring til trygt førsteland.

Vedtak i klageinstans (UNE): Oversikta frå UNE viser behandla ordinære klagesaker frå UDI, Dublin-saker og omgjeringførespurnader. Talet på godkjende opphald på humanitært grunnlag i 2004 omfattar 393 saker godkjende med tilvising til forskrifta for barn av asylsøklarar som hadde søkt asyl seinast 1. juli 2001, fått endeleg avslag seinast 1. juli 2003, og framleis oppheld seg i Noreg.

I kategori II og III gjeld tala til og med 1995 innreiser. Alle dei andre tala gjeld talet på personar som har fått vedtak. Overføringsflyktingar gjeld innreiseløyve for personar fremja bl.a. via FNs høgkommissær for flyktingar (UNHCR). Dei som har fått innreiseløyve etter individuell vurdering, har i det alt vesentlege fått godkjent asylstatus. Vedtak etter kollektiv vurdering gjeld inntil 1. juli 1999 personar frå Bosnia-Hercegovina som har fått mellombels opphald. Frå 30.04.99 til 06.08.99 gjeld tala Kosovo-flyktingar.

Kjelder: Fremkon/DUF, Flyktingeregisteret og manuelle teljingar av andreinstans-asylvedtak

Tabell 7. Asylvedtak i UDI fordelt på landbakgrunn og utfall.\* 2004

Landbakgrunn	Realitetsbehandla asylsøknader i Noreg					Ikkje realitetsbehandla asylsøknader i Noreg			
	Asyl	Anna vern	Humanitære årsaker	15 mnd-regelen	Avslag	Etter Dublin-forordninga	Avslag annan grunn**	Bortlagd/trekk	Totalt
Afghanistan	25	122	236	0	739	449	6	20	1 597
Albania	0	0	4	0	79	30	1	9	123
Algerie	5	0	6	0	101	54	1	37	204
Angola	3	12	55	0	38	41	0	12	161
Armenia	0	0	0	0	23	25	0	3	51
Aserbajdsjan	0	0	0	0	80	60	0	4	144
Bangladesh	0	0	0	0	15	4	0	4	23
Bosnia-Hercegovina	0	0	3	0	68	88	4	52	215
Bulgaria	0	0	0	0	23	6	0	7	36
Burundi	11	52	2	0	27	7	0	0	99
Dem. Rep. Kongo	4	14	11	0	30	12	0	9	80
Elfenbeinskysten	0	0	1	0	18	6	0	2	27
Eritrea	13	5	16	0	9	41	1	4	89
Etiopia	27	1	24	0	97	32	0	3	184
F.Y.R. Makedonia	0	0	0	0	39	82	0	10	131
Georgia	0	0	1	0	43	80	0	7	131
Guinea	0	1	2	0	60	12	1	5	81
Kviterussland	0	0	4	0	51	38	0	16	109
Irak	27	299	135	0	364	200	5	92	1 122
Iran	72	12	8	0	285	111	5	20	513
Kamerun	1	0	2	0	64	11	0	4	82
Kasakhstan	0	0	3	0	20	9	0	2	34
Kina	23	10	7	0	35	34	0	2	111
Kirgisistan	3	0	3	0	27	13	0	1	47
Kroatia	0	0	0	0	23	2	0	0	25
Libanon	0	1	2	0	29	31	4	7	74
Liberia	0	20	1	0	29	18	0	7	75
Libya	5	7	0	0	164	48	0	20	244
Marokko	0	0	3	1	16	8	0	2	30
Moldova	0	0	0	0	25	15	0	4	44
Mongolia	0	0	2	0	16	12	0	7	37
Nepal	3	0	0	0	47	17	0	2	69
Niger	1	0	1	0	15	3	0	4	24
Nigeria	0	0	3	0	217	79	0	19	318
Pakistan	4	0	11	0	45	10	0	8	78
Romania	0	0	0	0	23	3	0	4	30
Russland	85	6	912	0	298	316	6	29	1 652
Rwanda	10	0	14	0	24	5	0	0	53
Serbia og Montenegro	46	6	13	0	456	620	12	44	1 197
Sierra Leone	0	0	4	0	27	12	0	3	46
Somalia	24	620	181	0	513	258	5	49	1 650
Sri Lanka	0	6	11	0	20	13	0	6	56
Sudan	5	12	2	0	33	12	0	9	73
Syria	6	7	1	0	50	40	1	10	115
Tsjekkia	0	0	0	0	28	0	0	2	30
Tyrkia	1	6	10	1	95	92	1	19	225
Ukraina	0	0	1	0	28	18	0	2	49
Usbekistan	2	3	0	0	30	16	0	9	60
Vietnam	0	0	0	0	25	20	0	2	47
Andre land	10	20	20	1	227	67	0	55	400
Statslause	41	58	5	0	184	87	4	47	426
Totalt	457	1 300	1 720	3	5 022	3 267	57	695	12 521

\*Søknader frå utlandet og overføringsflyktingar er haldne utanfor.

\*\*Har opphald i trygt tredjeland eller avslag pga. nordisk passkontrollavtale, jf. utlendingslova § 17 a-f.



Tabell 8. Overføringsflyktninger fordelt på godkjenninger og innreiser til Noreg, 2004

Landbakgrunn	Godkjenninger	Innreiser
Afghanistan	1	1
Aserbajdsjan	1	1
Burundi	5	8
Dem. Rep. Kongo	26	26
Egypt	0	4
Elfenbeinskysten	7	7
Eritrea	1	1
Etiopia	3	5
Indonesia	5	5
Irak	0	2
Iran	55	62
Kambodsja	14	14
Rep. Kongo	17	5
Laos	2	2
Liberia	263	377
Malaysia	4	4
Myanmar	301	256
Pakistan	2	0
Russland	3	5
Rwanda	7	7
Serbia og Montenegro	2	0
Sierra Leone	4	4
Sri Lanka	0	2
Sudan	19	28
Syria	5	6
Thailand	2	1
Turkmenistan	2	4
Tyrkia	2	2
Statslause	3	3
<b>Totalt</b>	<b>756</b>	<b>842</b>

Tabell 9. Busetjingsløyve fordelt på landbakgrunn, 2004

Landbakgrunn	Løyve
Afghanistan	754
Algerie	53
Armenia	49
Australia	45
Bosnia-Hercegovina	470
Brasil	90
Bulgaria	79
Canada	98
Chile	183
Colombia	55
Cuba	58
Eritrea	59
Estland	41
Etiopia	296
Filippinane	368
Frankrike	76
Gambia	44
Georgia	43
Ghana	51
Kviterusland	51
India	236
Indonesia	56
Irak	1602
Iran	772
Kasakhstan	70
Kina	126
Kroatia	222
Libanon	56
Litauen	66
Marokko	202
Nederland	97
Pakistan	843
Polen	253
Romania	90
Russland	792
Serbia og Montenegro	1541
Sierra Leone	41
Somalia	1226
Sri Lanka	361
Storbritannia	355
Sudan	63
Sveits	66
Syria	57
Sør-Korea	104
Thailand	548
Tyrkia	426
Tyskland	170
Ukraina	135
USA	460
Vietnam	184
Andre land	1323
<b>Totalt</b>	<b>15465</b>

Tabell 10. Asylsøknader til Noreg fordelt på landbakgrunn og år: 1995-2004

Landbakgrunn	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Afghanistan	10	3	16	45	172	326	603	786	2 032	1 059
Albania	2	15	21	9	69	88	210	274	239	113
Algerie	43	26	22	40	66	72	346	468	180	104
Angola	1	0	2	3	9	4	11	24	174	39
Armenia	4	0	2	31	124	65	175	163	41	46
Aserbajdsjan	0	2	2	13	39	35	100	145	142	129
Bosnia-Hercegovina	106	73	90	236	161	272	907	810	657	119
Bulgaria	6	5	9	14	6	12	950	359	110	28
Burundi	3	7	4	3	3	10	30	56	120	133
Dem. Rep. Kongo	0	0	7	4	5	8	3	15	75	49
Eritrea	0	4	12	38	61	51	132	269	198	110
Etiopia	18	30	48	81	126	96	173	325	287	148
F.Y.R. Makedonia	0	5	1	17	21	15	190	301	241	66
Georgia	1	1	5	4	69	70	205	284	177	82
Guinea	0	0	0	0	0	0	5	16	75	30
Kviterusland	1	1	7	10	75	139	330	395	269	57
Irak	99	113	272	1 317	4 073	766	1 056	1 624	938	413
Iran	163	120	138	270	350	327	412	450	608	393
Israel	4	4	15	11	15	10	26	50	54	21
Kamerun	0	1	8	27	26	23	18	86	73	48
Kasakhstan	0	1	5	4	55	36	112	137	49	24
Kina	5	3	8	10	8	12	19	87	117	67
Kirgisistan	0	0	0	0	0	15	67	152	44	26
Kroatia	29	3	55	2 452	60	16	1216	139	51	20
Libanon	18	6	17	28	49	22	34	67	68	33
Liberia	1	5	2	3	1	4	7	13	49	68
Libya	4	8	3	3	7	7	62	123	283	134
Litauen	28	7	24	29	58	145	91	42	36	13
Moldova	4	0	2	8	48	62	68	81	96	34
Mongolia	0	0	0	0	0	4	545	200	91	13
Nepal	0	0	2	0	7	26	97	64	45	91
Nigeria	5	4	4	6	5	14	27	139	235	205
Pakistan	31	16	26	146	265	220	186	216	92	48
Polen	8	209	19	2	2	68	39	51	36	5
Romania	10	8	19	77	153	712	203	247	206	33
Russland	69	50	39	141	318	471	1 318	1 718	1 893	938
Rwanda	8	6	6	3	5	7	15	34	54	36
Serbia og Montenegro	146	76	343	1 666	1 152	4 188	928	2 460	2 180	860
Sierra Leone	2	0	11	12	14	33	16	14	41	31
Slovakia	3	3	1	1	233	507	187	324	82	10
Somalia	189	180	552	955	1 340	910	1 080	1 534	1 601	957
Sri Lanka	90	413	196	173	112	165	164	87	64	58
Sudan	23	32	34	46	59	31	47	94	65	33
Syria	14	16	23	73	95	60	57	80	96	69
Tsjekkia	2	1	0	4	13	25	440	186	128	25
Tyrkia	35	24	44	131	279	164	204	257	235	149
Ukraina	15	8	8	13	34	131	1027	772	92	44
Usbekistan	0	0	1	0	3	4	105	206	92	51
Vietnam	2	3	2	1	4	1	27	35	31	44
Andre land	229	277	130	328	209	418	429	692	405	346
Statslause	59	19	42	85	164	120	194	391	366	298
<b>Totalt</b>	<b>1 460</b>	<b>1 778</b>	<b>2 273</b>	<b>8 543</b>	<b>10 160</b>	<b>10 843</b>	<b>14 782</b>	<b>17 480</b>	<b>15 613</b>	<b>7 950</b>

For alle land, sjå [www.udi.no](http://www.udi.no)

Tabell 11. Einslege mindreårige asylsøkjjarar til Noreg fordelt på landbakgrunn og år.\* 2000-2004

Landbakgrunn	2000	2001	2002	2003	2004
Afghanistan	36	41	144	306	141
Albania	3	17	2	10	2
Algerie	7	9	26	11	9
Angola	1	1	3	28	7
Armenia	5	1	3	1	1
Aserbajdsjan	0	3	0	2	0
Bangladesh	1	1	3	2	0
Benin	0	0	2	0	0
Bhutan	0	0	0	2	0
Bosnia-Hercegovina	4	4	3	1	0
Bulgaria	0	2	1	0	0
Burundi	0	2	4	11	6
Colombia	0	1	0	0	1
Dem. Rep. Kongo	0	0	1	3	1
Eritrea	9	25	37	24	10
Etiopia	22	44	59	57	14
Guinea	0	2	5	10	2
Guinea-Bissau	0	0	0	0	1
Kviterusland	9	5	12	11	1
Indonesia	0	0	0	0	1
Irak	80	87	190	108	30
Iran	9	4	10	11	8
Jemen	0	0	0	0	5
Kamerun	1	1	5	6	3
Kina	0	1	4	7	2
Kroatia	0	1	0	0	2
Liberia	0	1	0	7	6
Libya	0	3	5	5	3
Litauen	6	5	5	10	3
F.Y.R. Makedonia	0	2	4	3	2
Moldova	0	5	5	6	3
Nigeria	4	1	12	14	6
Pakistan	2	0	4	0	1
Russland	20	37	21	26	17
Rwanda	0	3	6	1	1
Serbia og Montenegro	93	15	29	19	5
Sierra Leone	18	2	2	5	4
Somalia	114	99	133	117	80
Sri Lanka	58	60	39	20	15
Sudan	3	5	9	4	1
Syria	1	0	2	2	2
Tadsjikistan	0	1	2	5	2
Tanzania	0	0	0	0	6
Turkmenistan	0	1	0	0	1
Tyrkia	1	2	3	1	3
Usbekistan	0	0	7	1	4
Vest-Sahara	0	2	0	3	1
Vietnam	0	0	4	2	7
Andre land	47	53	75	36	0
Statslaus	2	12	13	18	4
<b>Totalt</b>	<b>556</b>	<b>561</b>	<b>894</b>	<b>916</b>	<b>424</b>

\* Basert på alder oppgjeve ved innreise.

Tabell 12. Visumsaker behandla i UDI fordelt på landbakgrunn og utfall. 2004

Landbakgrunn	Godkjenning	Avslag	Totalt
Afghanistan	23	28	51
Albania	69	34	103
Algerie	32	29	61
Arabiske Emirater	3	5	8
Bangladesh	10	23	33
Bosnia-Hercegovina	19	79	98
Colombia	91	67	158
Cuba	80	61	141
Egypt	7	18	25
Eritrea	4	15	19
Etiopia	8	56	64
Filippinene	89	343	432
Gambia	4	4	8
Ghana	10	10	20
Kviterussland	30	18	48
India	123	368	491
Indonesia	11	3	14
Irak	36	65	101
Iran	747	609	1 356
Jordan	11	8	19
Kamerun	3	5	8
Kenya	4	15	19
Kina	307	99	406
Libanon	42	49	91
Makedonia	81	85	166
Marokko	7	41	48
Mongolia	1	8	9
Myanmar	3	7	10
Nigeria	10	41	51
Pakistan	122	1160	1282
Peru	5	5	10
Russland	128	119	247
Rwanda	4	9	13
Saudi-Arabia	8	0	8
Senegal	10	3	13
Serbia og Montenegro	499	384	883
Sierra Leone	3	10	13
Somalia	4	33	37
Sri Lanka	152	139	291
Sudan	12	7	19
Syria	19	80	99
Tanzania	20	15	35
Thailand	61	150	211
Tunisia	3	18	21
Tyrkia	31	108	139
Uganda	5	12	17
Ukraina	37	61	98
Usbekistan	6	4	10
Vietnam	51	145	196
Andre land	43	50	93
Statslause	58	82	140
Totalt	3 146	4 787	7 933

Tabell 13. Visumsaker behandla ved norske utanriksstasjonar fordelt på utanriksstasjon og utfall.\* 2004

Utanriksstasjon	Godkjenning	Avslag	Totalt
Abidjan	299	574	873
Abu Dhabi	325	27	352
Abuja	484	343	827
Addis Abeba	243	99	342
Amman	567	112	679
Ankara	1 198	399	1 597
Baku	1 107	31	1 138
Bangkok	4 605	561	5 166
Beijing	3 525	265	3 790
Beograd	1 119	41	1 160
Bern	595	6	601
Cairo	594	71	665
Colombo	423	100	523
Damaskus	745	341	1 086
Dar es Salaam	311	21	332
Edinburgh	265	2	267
Hanoi	463	81	544
Harare	259	3	262
Houston	232	237	469
Islamabad	1 160	1 375	2 535
Jakarta	732	11	743
Kampala	272	37	309
Kathmandu	164	54	218
Kiev	6 090	190	6 280
Lilongwe	257	0	257
London	2 534	81	2 615
Luanda	205	15	220
Lusaka	179	2	181
Manila	3 218	477	3 695
Moskva	12 962	377	13 339
Murmansk	11 889	237	12 126
Nairobi	518	19	537
New Delhi	1 970	388	2 358
New York	460	11	471
Pretoria	1 870	30	1 900
Rabat	225	225	450
Riga	562	1	563
Riyadh	172	31	203
San Francisco	203	3	206
Sarajevo	724	150	874
Shanghai	1 298	22	1 320
Singapore	179	0	179
Skopje	626	107	733
St. Petersburg	4 295	52	4 347
Tallinn	311	21	332
Teheran	879	153	1 032
Tel Aviv	261	0	261
Tirana	184	18	202
Tunis	897	112	1 009
Warszawa	185	31	216
Andre utenriksstasjonar	1 542	113	1 655
Totalt	74 382	7 657	82 039

\* Tala er baserte på manuelle rapporteringar frå utanriksstasjonane til UDI, og omfattar berre visumsaker der vedtaket er fatta ved utanriksstasjonen. Tal for Bangkok er henta frå Vision, eit registreringssystem for visumsaker. Tala for utanriksstasjonane i Abidjan og Skopje er baserte på rapportering frå utanriksstasjonane til Utanriksdepartementet for perioden november 2003 til og med oktober 2004. Utferdingar av visum som norske utanriksstasjonar har utført på vegner av andre land, er inkluderte i tala. Desse utgjør i overkant av 8 500. Om lag 56 prosent av sakene ved utanriksstasjonen i Kiev er saker der Noreg representerer Danmark og Island.

Tabell 14. Bortvising ved innreise fordelt på grunnlag og år.\* 1991-2004

	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Manglande pass/visum	77	72	669	600	671	607	670	702	847	775	342	299	233	267
Tidlegare utvist	16	14	15	11	4	11	9	15	18	37	45	47	33	46
Manglande løyve	403	266	770	279	193	123	225	339	362	397	536	771	722	339
Manglande økonomiske midlar	90	56	215	172	103	89	82	242	228	362	429	577	535	252
Tidlegare straffa	34	22	273	159	135	169	163	218	280	253	227	197	101	66
Nordisk passkontrollavtale	2	2	6	5	4	19	0	5	8	7	2	1	-	-
Innmeld SIS**	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	41	26
Annea	0	0	0	0	0	2	2	1	3	14	38	15	47	45
<b>Totalt</b>	<b>622</b>	<b>432</b>	<b>1948</b>	<b>1226</b>	<b>1110</b>	<b>1020</b>	<b>1151</b>	<b>1522</b>	<b>1746</b>	<b>1845</b>	<b>1619</b>	<b>1907</b>	<b>1712</b>	<b>1041</b>

\* Inkluderer vedtak i alle instansar.

\*\* Ein ny kode i det nye datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF). SIS (Schengen Information System) er eit register over personar som er uønskte i ulike Schengen-land. Dette gjeld blant anna personar som er utviste på grunn av kriminalitet. Personar som er registrerte i SIS, vil normalt ikkje få visum.

Tabell 15. Bortvisingar etter innreise fordelt på grunnlag og år.\* 1991-2004

	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Manglande pass/visum	597	626	64	48	38	13	13	15	14	10	3	5	85	52
Tidligere utvist	9	8	5	13	12	11	9	4	2	7	7	5	3	4
Manglande løyve	376	365	346	299	265	269	109	60	50	45	186	74	36	33
Manglande økonomiske midlar	546	305	63	34	32	29	21	1	4	0	4	3	3	5
Tidlegare straffa	46	163	25	13	13	27	18	38	22	32	17	7	7	4
Nordisk passkontrollavtale	8	0	1	2	0	0	0	0	0	0	0	0	-	0
Innmeld SIS**	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0	2
Anna	0	0	0	1	0	8	2	11	5	3	2	8	3	8
<b>Totalt</b>	<b>1582</b>	<b>1467</b>	<b>504</b>	<b>410</b>	<b>360</b>	<b>357</b>	<b>172</b>	<b>129</b>	<b>97</b>	<b>97</b>	<b>219</b>	<b>102</b>	<b>137</b>	<b>108</b>

\* Inkluderer vedtak i alle instansar.

\*\* Ein ny kode i det nye datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF). SIS (Schengen Information System) er eit register over personar som er uønskte i ulike Schengen-land. Dette gjeld blant anna personar som er utviste på grunn av kriminalitet. Personar som er registrerte i SIS, vil normalt ikkje få visum.

Tabell 16. Utvisingar fordelt på grunnlag og år. 2003-2004

	2003	2004
Brot på utlendingslova	570	758
Brot på straffelova	566	490
Anna	5	12
<b>Totalt</b>	<b>1141</b>	<b>1260</b>



**Aldersundersøking** – røntgenundersøking av hand og tenner for å fastsetje alder.

**Anna vern** – løyve som kan gjevast til asylsøklarar som fell utanfor Flyktningkonvensjonen, men som likevel har ein flyktningliknande bakgrunn som gjer at han eller ho har behov for vern.

**Arbeidsløyve** – løyve til å ta arbeid i Noreg. Arbeidsløyve kan gjevast til personar over 15 år som fyller vilkåra for dette etter utlendingslova.

**Asyl** – fristad for personar som med rette fryktar forfølgning på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhørsle til ei spesiell gruppe. Asyl inneber blant anna vern mot å bli send tilbake til området der vedkomande har grunn til å frykte forfølgning. Asyl gjev også visse rettar under opphaldet i asyllandet. Utendingar som får asyl i Noreg, får status som flyktningar.

**Asylsøker** – person som på eiga hand og umeld ber myndigheitene om vern og imøtekoming som flyktning. Personen blir kalla asylsøklar inntil søknaden er avgjort.

**Au pair** – ein person som får førebels opphald i inntil to år for å bu i ein norsk familie mot tenesteytingar. Målsetjinga er at vedkomande får betra språk- eller fagkunnskapane sine og utvida allmenndanninga si ved å få betre kjennskap til Noreg. Vedkomande må vere mellom 18 og 30 år.

**Avslag** – vedtak som inneber at vilkåra for det løyvet ein søklar har søkt om, ikkje er oppfylte. Avslag som er fatta av norske utanriksstasjonar eller politiet, kan klagast inn til UDI. Avslag som er fatta av UDI som første instans, kan klagast inn til Utlendingsnemnda (UNE).

I asylsaker blir avslag omfatta av søknader som er avsegne etter ei realitetsbehandling, søknader som er avsegne på bakgrunn av den nordiske passavtalen, og søknader som er avsegne fordi søkjaren kjem frå eit trygt første asylland. Vidare omfattar det saker der søkjaren har søkt frå utlandet og av den grunn har fått avslag.

**Bortlagd** – omfattar saker der det er fatta eit bortleggingsvedtak. Grunnen til slike vedtak kan til dømes vere at søkjaren har forsvunne, at han eller ho har trekt søknaden, eller at søkjaren av andre grunnar ikkje har fått status i saka si.

**Bortvising** – vedtak om å nekte ein utending innreise til eller opphald i Noreg. Vedtaket er ikkje til hinder for seinare innreise. Bortvising må ikkje forvekslast med utvising eller uttransportering frå landet.

**Busetjingsløyve** – permanent opphaldsløyve som kan gjevast til personar som har opphalde seg i Noreg i minst tre år med ein type opphalds- eller arbeidsløyve som kan danne grunnlag for busetjingsløyve. Løyvet er ikkje tidsavgrensa. Løyvet gjev rett til varig opphald og generelt tilgjenge til å ta arbeid i Noreg. Det gjev også utvida vern mot bortvising og utvising. Eit busetjingsløyve fell som hovudregel bort ved opphald i utlandet i meir enn to år.

**Differensiert asylsaksbehandling** – UDI deler søknadene om asyl inn i ulike kategoriar på bakgrunn av situasjonen i dei ulike landa

**Dublin-samarbeidet** – omfattar personar som har fått vedtak i samsvar med Dublin II-forordninga. Etter Dublin II-forordninga skal realitetsbehandlinga av ein søknad gjerast av ansvarslandet. Ansvar blir i hovudsak pålagt det landet der utendingen først søkte asyl eller fekk utferda eit opphaldsløyve eller eit Schengen-visum. Forordninga har til føremål å sikre at alle personar som leverer ein søknad får behandla denne, og at asylsøknaden berre blir behandla i eitt av medlemslanda.

**DUF** – datasystemet for utlendings- og flyktningssaker. Eit registreringssystem og saksbehandlarverktøy for heile utlendingsforvaltninga.

**Einsleg mindreårig asylsøklar (EMA)** – asylsøklar eller flyktning som er under 18 år, og som er utan foreldre eller andre med foreldreansvar i Noreg

**Eurodac** – eit sentralt elektronisk fingeravtryksregister over utendingar (hovudsakleg asylsøklarar) som er registrerte i eit EU- eller EØS-land. Registeret var operativt frå 15. januar 2003, og gjev berre høve til å samanlikne fingeravtrykk i samsvar med Dublin II-forordninga. Føremålet med registeret er å finne ut om ein asyl-søklar tidlegare har søkt asyl i eit anna land som er tilknytt Eurodac-registeret.

**Familieinnvandring** – opphalds- eller arbeidsløyve som blir gjevne til nære familiemedlemmer av norsk borgar eller utanlandsk statsborgar med lovleg opphald i Noreg.

**Flyktning** – i juridisk forstand omfattar omgrepet "flyktning" overføringsflyktningar og asylsøklarar som har fått asyl. I samband med arbeid med flyktningar i Noreg blir omgrepet brukt på overføringsflyktningar og personar som har fått asyl, vern eller opphald på humanitært grunnlag etter søknad om asyl.

**Første instans** – den instansen som fattar første vedtak i ei sak. I asylsaker er det alltid UDI. I ein del andre opphaldssaker kan politiet i Noreg eller norske utanriksstasjonar gjere første vedtak.

**Innvandrar** – ein person fødd i utlandet og fast busett i Noreg, med begge foreldre fødde i utlandet.<sup>15</sup>

**IOM** – International Organization for Migration er ein organisasjon som UDI samarbeider med for å leggje til rette for heimreise for personar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin (frivillig retur), og for reise til Noreg for overføringsflyktningar.

**Klageinstans** – den instansen som behandlar klager på vedtak fatta av første instans. Når politiet i Noreg eller norske utanriksstasjonar avslår ein søknad, er UDI klageinstans. Når UDI avslår som første instans, kan vedtaket klagast inn til Utlendingsnemnda (UNE). I statsborgarskapsaker er Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) klageinstans.

**Kollektivt vern** – mellombels opphalds- eller arbeidsløyve som kan gjevast på kollektivt grunnlag i ein massefluktsituasjon, det vil seie etter ei gruppevurdering. Eventuelle asylsøknader kan utsettast i inntil tre år. Eit slikt løyve dannar ikkje grunnlag for busetjingsløyve (permanent opphaldsløyve) dei første fire åra.

**Opphald av humanitære årsaker** – løyve som kan gjevast til asylsøklarar i tilfelle der det ikkje er behov for vern, men der det ligg føre sterke menneskelege omsyn. Det kan vere alvorlege helsemessige forhold, omsyn til situasjonen til mindreårige eller sterk tilknytning til landet. Dette blir ofte sett i samband med vanskelege forhold i heimlandet, til dømes i etterkant av ein krigstilstand.

**Overføringsflyktning** – flyktning som får kome til Noreg etter eit organisert uttak, vanlegvis i samarbeid med FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Etter forslag frå Regjeringa fastset Stortinget kvart år ein kvote for kor mange overføringsflyktningar Noreg kan ta imot.

**Praktikant** – eit løyve som skal gje utendingen høve til opplæring i eit yrke. Det er eit krav at arbeidet er svært viktig for kompetansen til vedkomande og inngår som ein naturleg del av yrkesutdanninga i heimlandet. Løyvet kan fornyast og gjevast for inntil 2 år.

**Realitetsbehandling** – UDI vurderer behovet søkjaren har for vern, eller andre sterke menneskelege omsyn som kan gje opphald i landet. Sjå også Dublin-samarbeidet.

**Schengen-samarbeidet** – eit samarbeid som inneber at det ikkje er passkontroll mellom ein del europeiske land. Landa har ei felles ytre grense. Eit visum til Schengenområdet gjeld som visum til Noreg og alle dei andre europeiske landa som er med i samarbeidet.

**Sesongarbeidsløyve** – blir gjevne til utendingar som skal arbeide innan typisk sesongregulert verksemd som til dømes innhausting i jordbruket, eller i samband med ordinær ferieavvikling. Arbeidsløyve for sesongarbeidarar kan gjevast for inntil seks månader i løpet av eit kalenderår.

**Statsborgarskap** – ei formell nasjonal tilhørsle som vanlegvis oppstår ved fødselen. For å få norsk statsborgarskap må søkjaren vere minst 18 år, ha hatt fast bustadadresse i Noreg dei siste sju åra, ha ein heiderleg vandel og ikkje ha større bidragsgjeld. I nokre tilfelle kan ein person få stadfesta retten sin til norsk statsborgarskap dersom ho eller han gjev melding om dette til Fylkesmannen. Til ein viss grad kan ein person ha både norsk og utanlandsk statsborgarskap. I Noreg er det likevel berre det norske statsborgarskapet som tel.

**Underhaldskrav** – den som skal sam-einast med familie, må som hovudregel vere sikra tilstrekkeleg underhald. I praksis inneber dette at partane må dokumentere ei inntekt som tilsvarer lønnsstrinn 1 i statens lønnsregulativ. Når ein av partane er under 23 år, skal underhaldskrav oppfyllest av hovudpersonen (den som bur i Noreg). Underhaldskrav kan oppfyllest ved arbeidsinntekt, egne midlar eller trygdeytningar, eventuelt ein kombinasjon av ulike typar inntekt. Sosialstøtte kan ikkje reknaast som inntekt når ein reknar ut om underhaldskravet er oppfylt.

**Utlendingsmyndigheitene** – den delen av norsk forvaltning som behandlar saker etter utlendingslova. Utlendingsmyndigheitene omfattar Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE), politiet og enkelte utanriksstasjonar.

**Utvising** – vedtak som inneber at ein utending må reise ut av landet og berre kan kome tilbake dersom spesielle vilkår er oppfylte. Sjå også Bortvising.

**Vedtak** – ei avgjerd gjort av eit offentlig forvaltningsorgan som er bestemmende for rettane og pliktene til privatpersonar.

**Visum** – løyve for visumpfiktige til å reise inn i Noreg og resten av Schengen-området og vere der i inntil tre månader.

**48-timersprosedyre** – behandling av asylsøknader frå personar som kjem frå land som UDI i utgangspunktet reknar som trygge. 48-timersprosedyre sikrar ei rask saksbehandling og hurtig heimsending av personar som kjem til Noreg av økonomiske/sosiale årsaker, og som ikkje har behov for vern.

<sup>15</sup> Sjå også <http://www.ssb.no/emner/00/00/10/innvandring/>



**Regionkontor Indre Austland**

Postadresse: Postboks 1253  
2806 Gjøvik

Besøksadresse: Storgata 10  
2806 Gjøvik

Telefon: 61 14 65 00  
Telefaks: 61 17 08 95

Fylker: Buskerud, Hedmark,  
Oppland

**Regionkontor Midt-Noreg**

Postadresse: 7005 Trondheim

Besøksadresse: Peter Egges plass 2  
7005 Trondheim

Telefon: 73 89 24 00  
Telefaks: 73 89 24 01

Fylker: Møre og Romsdal, Nord-  
Trøndelag, Sør-Trøndelag

**Regionkontor Sør**

Postadresse: Postboks 647  
4666 Kristiansand

Besøksadresse: Slottsquartalet  
Tordenskjoldsgate 9  
4612 Kristiansand

Telefon: 38 10 60 60  
Telefaks: 38 02 04 80

Fylker: Aust-Agder, Telemark,  
Vest-Agder

**Regionkontor Vest**

Postadresse: Postboks 4048  
5835 Bergen

Besøksadresse: Bugården 8  
5003 Bergen

Telefon: 55 30 09 99  
Telefaks: 55 30 09 88

Fylker: Hordaland, Rogaland,  
Sogn og Fjordane

**Regionkontor Nord**

Postadresse: Postboks 683  
8508 Narvik

Besøksadresse: Havnegaten 28  
8514 Narvik

Telefon: 76 96 58 10  
Telefaks: 76 96 58 39

Fylker: Finnmark, Nordland, Troms

**Regionkontor Aust**

Postadresse: Postboks 8789  
Youngstorget  
0028 Oslo

Besøksadresse: Youngstorget 1  
Oslo

Telefon: 23 35 15 00  
Telefaks: 23 31 10 50, 23 31 10 52

Fylker: Akershus, Oslo, Østfold,  
Vestfold